

MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

# ÅRSRAPPORT 2017

# INNHALDSLISTE


DIREKTØREN HAR ORDET 5

1. OM MUSEA I SOGN OG FJORDANE 6

2. FAGLEG AKTIVITET 8
   - 2.1. Forvalting av samlingane 8
   - 2.2. Forsking og kunnskapsdeling 11
   - 2.3. Formidling 14
   - 2.4. Fornying 17

3. BESØKSTAL 20

4. LISTER 22
   - 4.1. Opne publikumsarrangement 22
   - 4.2. Utstillingar 25
   - 4.3. Publikasjonar 26

5. ÅRSMELDING 2017 28

6. ÅRSREKNESKAP 30

7. REVISJONSMELDING 43

8. BUDSJETT 2018 46




Installasjonen «Kvardagsmonument» av biletkunstar Maia Birkeland som stod på Sunnfjord Museum sommaren 2017.

# DIREKTØREN HAR ORDET

**2017 markerer på sett og vis eit tidsskilje for Musea i Sogn og Fjordane. Det har skjedd mykje og den nye reformbølgja varslar store endringar i omgjevnadane våre for tida som kjem.**

Av viktige hendingar i 2017 vil eg særleg trekke fram:

- Kjøpet av Ramstad Eskefabrikk i Angedalen som framtidig magasin
- Samanslåinga av Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane
- Vedtak om å overta samlingar og bygg frå Nordfjord Folkemuseum frå eigarstyret
- Ny strategiplan for perioden 2018-2021
- Direktørskifte; Inge Bent Arnestad takka av og Kjartan Aa Berge tok over
- Thomas Walle vart tilsett som ny museumsfagleg seniorrådgjevar
- Vedtaket om å slå saman Sogn og Fjordane fylke og Hordaland fylke til ein ny region

Det er framleis eit stykke fram til bygget i Angedalen kan takast i bruk som fullverdig magasin, men vi har no betre høve til å styre prosessen for å få løyst det prekære magasinbehovet enn tidlegare.

Arbeidet med strategiplanen synte at musea i løpet av relativt kort tid er i ferd med å oppleve at omgjevnadene våre er i dramatisk endring. Musea i Sogn og Fjordane er det einaste konsoliderte museet i fylket. I Hordaland er det ni konsoliderte museum. Like før jul vart det vedteke at Sogn og Fjordane



*Kjartan Aa Berge.*

og Hordaland skal slåast saman i ein ny region; Vestlandet fylke. Det skjer i 2020, altså om knappe to år. I skrivande stund veit vi svært lite om konsekvensane for museumspolitikk og inntektsfordeling, men vi har merka oss at det ligg føre framlegg om betydelege omleggingar i oppgåver for dei nye regionane. Det einaste vi veit er at i intensjonsavtala mellom dei to fylka kjem det fram at kulturavdelinga skal leggast til Sogn og Fjordane. Dette kan sjølvsagt skape uro og utryggleik på kort sikt, men vi ser at det kan opne seg mange spanande mogelegheiter som følgje av etableringa av den nye regionen.

I tillegg til regionreforma skal også kommunereforma implementerast i 2020. Med avdelingar og lokalitetar over heile fylket kan dette medføre store endringar for oss. Musea i Sogn og Fjordane vil indirekte bli involvert i fire kommunesamanslåingar; to i Sunnfjord (Jølster, Gaular, Naustdal og Førde, samt Flora og Vågsøy), ei i Sogn (Sogndal, Leikanger og Balestrand) og ei i Nordfjord (Hornindal og Volda). Vi veit ikkje mykje om kva konsekvensar dette vil medføre for musea, men vi vil jobbe aktivt for å sikre eit godt samarbeid med alle desse kommunane framover. Det herskar likevel særskilt spenning til kva som skjer med Anders Svor Museet i Hornindal sidan denne kommunen slår seg saman med Volda og blir ein del av Møre og Romsdal fylke.

Som ein konsekvens av den nye strategiplanen og dei varsla endringane i omgjevnadane våre er det naturleg for oss som konsolidert museum å vurdere korleis dette kan påverke oss. Vi vil derfor nytte 2018 godt for å førebu oss til den nye tida som kjem. Det einaste vi heilt sikkert veit er at dette er den største endringa i omgjevnadene våre på 50 år!

Ei viktig, men trist hending i 2017 var at mangeårig styreleiar Harry Mowatt døydde brått i august. Dette kom uventa og overraskande på oss alle i museumsfamilien. Eg vil nytte dette høvet til å takke han for lang og god innsats for Musea i Sogn og Fjordane.

Avslutningsvis vil eg takke alle tilsette og besøkande som har gjort musea våre til fine og levande møtestader i året som har gått. Vi gler oss til nye gode museumsopplevingar i 2018.





Lærling i lafteteknikk ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane. Foto: KSF/MiSF



I samband med bunadutstillinga på Nordfjord Folkemuseum hadde vi draktseminar 10. september. Det var mange frammøtte for å høyre ekspertar på dei ulike draktskikkane i fylket fortelje. Deltakarane fekk også sjå nærmare på plagga frå utstillinga. Foto: NFM/MiSF



«Byløa» av Maia Birkeland. Den vart først satt opp på dugnad framfor Førde rådhus i mai og så flytta framfor kunstmuseet i juli. På slutten av året vart den kjøpt inn til samlinga ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum. Foto: SFKM/MiSF.

# 1. OM MUSEA I SOGN OG FJORDANE

**Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vart oppretta på bakgrunn av sentrale føringar og som følgje av den statlege museumsreforma (St.meld. nr. 22 (1999-2000)/Kjelder til kunnskap og oppleving).**

**Styremedlemmar 2017**

| | | |
|---|---|---|
| Styreleiar: | Laura Kvamme | Valt av Sogn og Fjordane fylkeskommune |
| Nestleiar: | Olve Grotle | Valt av rådet |
| Styremedlem: | Torbjørn Vereide | Valt av Sogn og Fjordane fylkeskommune |
| Styremedlem: | Arild Bergstrøm | Valt av rådet |
| Styremedlem: | Hanne Oftedal | Valt av rådet |
| Styremedlem: | Ingrid Norum | Valt av dei tilsette |
| Styremedlem: | Steinar Evebø | Valt av dei tilsette |
| | | |
| Varamedlem: | Hilde Kvamsås Aa | Valt av Sogn og Fjordane fylkeskommune |
| Varamedlem: | Erland Fagermoen | Valt av Sogn og Fjordane fylkeskommune |
| Varamedlem: | Eli Grete Høyvik | Valt av rådet |
| Varamedlem: | Hege Lothe | Valt av rådet |
| Varamedlem: | Anders Ryssdal | Valt av rådet |
| | | |
| Varamedlem: | Ole Fredskild | Valt av dei tilsette |
| Varamedlem: | Bjørn Fjellheim | Valt av dei tilsette |

2 nye styremedlemmar kom inn i 2017 og eit medlem gjekk ut.

Musea i Sogn og Fjordane vart stifta 14. januar 2009 med ein stiftingskapital på kr. 100.000, fordelt med kr. 50.000 på Sogn og Fjordane fylkeskommune og kr. 10.000 på kvar av dei andre stiftarane: DHS-Sogn Folkemuseum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Nordfjord Folkemuseum, Sogn og Fjordane Kunstmuseum og Sunnfjord Museum. I 2012 vedtok styret i Musea i Sogn og Fjordane å ta over drifta i Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter med verknad f.o.m. 2013.

Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum vart 14.07.17 overdratt Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane etter vedtak i Lotteri og Stiftingstilsynet med rekneskapsmessig verknad frå 01.01.2017. Sogn og Fjordane Kunstmuseum hadde ein stiftingskapital på 110.000 kroner. Som ei følgje av denne overdraginga auka stiftingskapitalen til 210.000 kroner.

Musea er sett saman av seks museumsavdelingar med tilhøyrande besøksstader, samt fellesadministrasjon.

**Stiftinga består av følgjande museum:**

- De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum
- Sogn Fjordmuseum
- Norsk Reiselivsmuseum
- Sogn og Fjordane Kunstmuseum
- Astruptunet
- Eikaasgalleriet
- Sogn Kunstsenter
- Anders Svor Museum
- Nordfjord Folkemuseum
- Kystmuseet i Sogn og Fjordane
- Vågsberget
- Sunnfjord Museum
- Norsk Kvernsteinsenter

**Rådet**

Forutan stiftingsstyret skal det, i flg. stiftingsvedtektene, vere eit råd for det konsoliderte museet.

Rådet er sett saman av representantar frå eigarstyra, fylkeskommunen, vertskommunane, regionråda, Høgskulen på Vestlandet og BKSF (Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane). Rådet hadde eit møte i 2017.

**Styret**

Sogn og Fjordane fylkeskommune vel styreleiar og eit styremedlem med personlege vara. Rådet vel tre medlemmer med personlege vara. To medlemmer med personlege vara vert valde av dei tilsette. Styret er det øvste organet i stiftinga.

Styret har leia stiftinga si verksemd i samsvar med vedtekter, lover, regelverk og avtaler elles.

Styret har også sett til at verksemda i meldingsåret har vore drive i samsvar med hovudintensjonane i museumsreforma og dei retningsliner som er gjevne i tilsegnsbreva frå offentlege styresmakter.

**Leiargruppa**

Leiargruppa i MiSF består av administrerande direktør, 6 avdelingsdirektørar, museumsfagleg seniorrådgjevar, økonomisjef og bygg- og eigedomssjef.



Frå opning av utstillinga «Det vi har i lag» av Maia Birkeland. Utstillinga vart opna av direktør for Kulturrådet Kristin Danielsen. Foto: SFKM/MiSF

# ORGANISASJONSKART



# 2. FAGLEG AKTIVITET

**Musea i Sogn og Fjordane har i 2017 utarbeidd ny strategiplan, gjeldande frå 2018. Planperioden for den førre strategiplanen «Innsikt i fortid – utsikt til framtid» gjekk ut i 2014, men planen har vore retningsgivande for dei faglege aktivitetane gjennom året.**

Prioriteringane har vore styrt etter handlingsplanar ved dei einskilde avdelingane, utforma i samsvar med dei mål og tiltak som var vedtekne i den gamle strategiplanen. I tråd med føringane i Stortingsmelding 49 (2008-2009) «Framtidas museum», har dei faglege aktivitetane vore strukturert omkring dei fire F'ane: Forvalting, Forsking, Formidling og Fornying.

Eit viktig mål med den statleg initierte konsolideringa av musea i større, regionale einingar, var å styrke det museumsfaglege arbeidet og legge til rette for auka samarbeid på tvers av dei eksisterande musea. Dette vart òg stadfesta som eit mål i strategiplanen for Musea i Sogn og Fjordane: Utvikle ein organisasjon som stimulerer til samarbeid og samhandling, og som frigjer økonomiske og faglege ressursar til betre og nyskapande museumsarbeid.

I arbeidet med den nye strategiplanen har det vore peika på at det faglege samarbeidet på tvers av avdelingane må styrkast. Eit felles planverk for dei museumsfaglege områda ved verksemda vil vere eit viktig tiltak for å nå denne målsettinga. Det har i 2017 vore arbeidd med felles sikringsplan for Musea i Sogn og Fjordane, eit arbeid som vert ferdigstilt våren 2018 og som legg føringar for ei heilskapleg og samordna forvalting og drift av musea sine anlegg i åra framover. Vidare blei det i 2017 vedteke mandat for ein felles plan for samlingsforvalting, der formålet er å etablere felles retningsliner for innsamling, handtering og avhending, og ein minimumsstandard for samlingsforvaltning i samsvar med prosedyrane i SPECTRUM. Samlingsforvaltingsplanen vil ferdigstillast i 2018, og vil mellom anna legge premiss for arbeidet med nytt fellesmagasin.

Gjennom året har det vore tiltak, aktivitetar og kurs som har samla dei tilsette i stiftinga med mål om fagleg utvikling og kunnskapsdeling på tvers. Desse er gode døme på korleis vi skal arbeide vidare med å utvikle organisasjonen. Sunnfjord Museum arrangerte handverkarsamling for dei tilsette i mai, og ved Kystmuseet var det kurs i både lafting på våren og smiding på hausten med eksterne kurshaldarar. I november var det kurs i forvaltingssystemet Primus over to dagar, mellom anna i den nye FDV-modulen som lettar arbeidet med den bygningsantikvariske forvaltinga. Kursa var òg ei nyttig møteplass for å drøfte felles forvaltingspraksisar i stiftinga.

Arbeidet med eit felles opplegg for Den kulturelle skulesekken (DKS) var nytt av året. I samarbeid med DKS i Førde utarbeidde alle avdelingar i Musea i Sogn og Fjordane eit program for 9.klassingar kalla «Tidskapselen». Samarbeidet ga nyttig lærdom og dannar eit godt grunnlag for å arbeide fram ein felles formidlingsplan for musea.

## 2.1 Forvalting av samlingane

Musea i Sogn og Fjordane har store samlingar av gjenstandar, bygningar og fartøy. Totalt forvaltar musea over 122.000 gjenstandar, fordelt på kulturhistoriske, naturhistoriske og kunsthistoriske objekt, 2 flytande farkostar, 143 båtar som ligg på land og 161 kulturhistoriske bygg. 13 av desse bygningane som er plasserte på Sunnfjord Museum, DHS-Sogn Folkemuseum og Kystmuseet i Sogn og Fjordane, er automatisk freda eller vedtaksfreda. Fotosamlinga utgjer meir enn 40 000 fotografi. Museet forvaltar også levande samlingar, 207 dekar kulturlandskap og 22 dekar hageanlegg. I tillegg kjem arkiv og kjelde samlingar.

Ei felles utfordring for Musea i Sogn og Fjordane er etterslep på registrering, fotografering og digitalisering av gjenstandar, samt tilfredsstillande magasintilhøve. Tilveksten er på generelt grunnlag forsiktig, i 2017 i overkant av 200 gjenstandar. Auka i registrerte gjenstandar kan dels forklarast med registrering i samband med gjennomgang av eksisterande, ikkje-registrerte delar av samlingane. Det er avhenda i underkant av 200 gjenstandar, av desse er halvparten ikkje tidligare registrert. Sjølv om alle avdelingane arbeider etter faglege prinsipp for ein forsvarleg balanse mellom

ivaretaking, tilvekst og avhending, prioriterast det ulikt når det gjeld kor innsatsen rettast. Dette heng dels saman med tilgjengelege areal for handsaming og plassering av gjenstandar, dels personalressursar og dels andre presserande oppgåver. Det er likevel slik at ein meir samordna innsats i samlingsforvaltinga vil gje ein vinst for musea, både når det gjeld å nytte ressursane meir effektivt og å ta lærdom av dei gode praksisane som er utvikla ved dei ulike avdelingane. Ein felles plan for samlingsforvaltinga vil vere eit naudsynt verktøy for å oppnå dette.

Ved Nordfjord Folkemuseum fortsette vi med revisjon av gjenstandar i Friluftsmuseet. Frøysetlada vart tømd og gjenstandane der gjennomgått, identifisert, registrert/revidert eller avhenda. Seks trebåtar vart flytta frå ekstern lagring til museumsområdet, tre av desse til permanent utstilling i Frøysetlada. Ved DHS-Sogn Folkemuseum vart det gjort ein stor innsats med å registrere og fotografere gjenstandar i båtbyggjarverkstaden i Eidet. Det vart òg registrert og fotografert gjenstandar i Fjordmuseet. På Jotun, eigedomen etter kunstnaren Bjørn Hegranes som forvaltast av Kystmuseet i Sogn og Fjordane, har vi rydda og klargjort for registrering av gjenstandar. 175 materialbilete av Hegranes er òg registrert og lagt ut på Digitalt museum. Ved Sunnfjord Museum har vi arbeidd med revidering av eldre registreringar, sjekka plassering av gjenstandane og fotografert dei. Etterslepet på registrering ved avdelinga er ikkje svært stort og omfattar i hovudsak den gamle boksamlinga, papirgjenstandar, fotografi og ein del av inventaret i dei antikvariske husa.

Sogn og Fjordane Kunstmuseum har motteke fleire gåver i 2017. Dette har gjort det mogeleg å kjøpe inn viktige verk til samlingane. Blant desse kan nemnast videoinstallasjon «Nikolais natt» av kunstnarduoen Ingrid Book og Carina Hede. Verket har sterke og naturlege band knytt til staden Jølster og Vestlandet. Blant tilvekst av verk finn vi òg fleire verk av Oddvar Torsheim, fotografi frå Oddleiv Apneseth, eit maleri av Bernt Tunold, eit grafisk blad av Kaare Sunde, ein skulptur av Kjartan Slettemark, og «Byløa» av Maia Birkeland.

**Bygningsantikvarisk arbeid**

Musea i Sogn og Fjordane har ei stor samling antikvariske bygg, og behov for vedlikehald er stort. Innarbeidinga av FDV-modulen i Primus vil lette arbeidet med det jamlege vedlikehaldsarbeidet, samt styrke dokumentasjonen av arbeidet for ettertida. Ved fleire av avdelingane har vi utarbeidd prosjekt for å sette i stand bygningar som er i kritisk dårleg stand. Det er ein utfordring å sette av nok tid, midlar og personalressursar innafor råmene avdelingane disponerer for å gjennomføre desse prosjekta, og det er krevjande å nå målsettingane utan å organisere arbeidet på nye måtar. Som ledd i konkretisering av tiltaka i strategiplanen skal vi greie ut om dei store forvaltingsprosjekta kan organiserast som fellesprosjekt i stiftinga.

Av dei større bygningsantikvariske arbeida i 2017, har vi ved DHS-Sogn Folkemuseum kledd opp att og måla ytre vegg på Vik prestegard. I den eine stova i prestegarden vart det strekt strie og papir på vegger og i tak, veggane vart tapetsert og tak og listverk vart måla. På det freda anlegget Vågsberget, som forvaltast av Kystmuseet i Sogn og Fjordane, vart det søkt om dispensasjon for å restaurere taket på hovudhuset. Det vart skifta fleire sperrer etter lekkasje, og det blei gjort arbeid på den eine pipa. Ved Nordfjord Folkemuseum gjennomførte vi internprosjektet «Bukt med fukt» med oppjekking av og grøfting rundt utsette bygningar i Friluftsmuseet. Det har blitt grøfta langs tre bygningar, lagt tre nye kummar og leding av vatnet til elva. Våtare klima og storflaum fleire gonger i året, i hovudsak ei følgje av regulering i Jølstravassdraget, set skjerpa krav til ettersyn og tiltak ved Sunnfjord Museum. Bygningar og anlegg nær vatnet får årlege skader som følgje av dette. Museet har engasjert seg i det museale klimaprosjektet i regi av Norsk Kulturråd og har hatt stor nytte av å utveksle erfaringar og synspunkt med kollegaer.

**Kulturlandskap**

Ved Norsk Kvernsteinsenter har vi gjennomført eit kartleggingsprosjekt for å betre kartgrunnlaget for bevaring og forvalting av steinbrotlandskapet. Prosjektet vart avslutta i 2017. Med ei løyving frå Riksantikvaren utvikla prosjektet nye GIS-baserte kart. Det er laga kart over ein stor del av brota, som er lagt inn i Askeladden (den offisielle kulturminnedatabasen i Noreg). Dei skal òg brukast innan forsking og formidling. I 2017 fekk Kvernsteinsenteret stønad frå fylkesmannen for skogrydding i store delar av Kvernsteinsparken. Steinbrota vert no mykje meir synlege og forståelege for publikum. Frå sommaren 2018 av skal det beite sauer i dei rydda områda.

Musea i Sogn og Fjordane er ansvarleg for drifta av det nasjonale museumsnettverket for kulturlandskap. Arbeidet leiast frå DHS-Sogn Folkemuseum i nært samarbeid med Høgskulen på Vestlandet. Den årlege fagturen i nettverket vart i år lagt til Ytste Skotet på Sunnmøre.

Ved friluftsmusea er det gards- og hageanlegg som driftast i tråd med lokale og regionale tradisjonar, og med historiske plantar og nyttevekstar. På museumsgarden på DHS-Sogn Folkemuseum vart det i Storåkeren sådd bygg, to sortar havre og lin. I fjøsåkeren vart det sett Nommerpote og Blåmandelpote. Det vart lauva i Ospeskori, ved Indre Sogn-tunet og Kvammatunet. Studentar frå Høgskulen på Vestlandet var med å lauva, batt kjerv



Høgskulestudentar frå bachelorstudiet «Landskapsplanlegging med landskapsarkitektur» frå Høgskulen på Vestlandet i praksis på De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum. Foto: DHS-SF/MiSF



Den staselege prestegarden frå Vik frå 1760-talet, som vart flytta frå Amla til Vestreim i 2005, er ferdig restaurert utvendig. No held vi på å restaurere eine stova. Foto: DHS-SF/ MiSF

og sette opp lauvrauk. Av husdyrhald har avdelinga denne sesongen hatt Gammalnorsk spælsau, lånt frå Fjærland, storfe, kvige og kalv frå Skjolden, to grisar frå Maihaugen og hest frå Hafslo.

Kystmuseet i Sogn og Fjordane fekk innvilga søknad om tiltak i statleg sikra kulturlandskap, med vidareføring av kultursti i lyngheiområdet på Brendøya som blir beita av geit og sau. Arbeidet med veg over området er starta opp. Potetåkeren er opparbeidd og inngjerda. Nordfjord Folkemuseum har ansvar for vedlikehald og drift av eplehagen med gamle fruktsortar som er klonarkiv for frukt ved Norsk Genressurssenter.

**Fartøy**

Kystmuseet i Sogn og Fjordane har tematiske ansvar for fartøy, som inneber sekretariat for styret for Veteranbåtlaget Atløy og galeasen Svanhild, i tillegg til autolinebåten Haugefisk som er eigd av museet. Museet har det fagleg ansvar for restaurering av desse fartøya og kontakt med ulike statlege/fylkeskommunale myndigheiter. Haugefisk fekk også i 2017 tilskot gjennom avtale mellom Bremanger kommune og Riksantikvaren sin SAVOS-ordning. Slipping og arbeid knytt til sertifisering av båten vart utført.

I samband med søknad om bevarings- og formidlingsbygg for Holvikejekta, var avdelingsdirektør ved Nordfjord Folkemuseum saman med kultursjef i Gloppen Kommune og administrerande direktør for Musea i Sogn og Fjordane, på studietur til Nordlandsmuseet og Norsk Jektefartmuseum. Her fekk vi innsyn i prosessen med kulturbygget for Nordlandsjekta Anna Karoline og vi deltok på deira internseminar om istandsetting av fartyet. Her vart det av fleire ekspertar understreka kor unik Holvikejekta er i internasjonal samanheng, og at bevaringa av vår jekt også er viktig for Norsk Jektefartmuseum. Musea i Sogn og Fjordane arbeider med ny søknad om nasjonalt kulturbygg for Holvikejekta fram til 2019.

## 2.2 Forsking og kunnskapsdeling

Forsking og kunnskapsutvikling er eit naudsynt fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling. Det har dei seinare åra vore ei vektlegging av musea som viktige forskingsinstitusjonar, og fleire tiltak har vore lansert for å auke forskingsinnsatsen ved norske museum. Det er samstundes krevjande å sette av tid til forsking når det skal takast omsyn til alle dei store forvaltings- og formidlingsoppgåvene musea har. I Musea i Sogn og Fjordane går det heile tida føre seg kunnskapsutvikling i arbeidet med samlingane, og mykje av dette vert formidla til publikum gjennom utstillingar, omvisingar, skuleopplegg og populærvitskaplege publikasjonar. Skal vi lukkast med å styrke forskinga i musea, må vi koordinere og prioritere innsatsen. I arbeidet med ny strategiplan er det stadfesta behov for ein meir målretta innsats for å nå ambisjonane om forsking i musea, og i Kulturrådet si vurdering av Musea i Sogn og Fjordane vart det peika på fråværet av ein forskingsplan. Dette vil det bli arbeidd med i 2018.

Ikkje alle avdelingane har eigne forskingsprosjekt, men deltek i samarbeidsprosjekt med andre museum og nettverk. Musea er òg ei kjelde for eksterne forskarar, og bidrar med gjenstandar, foto, arkivalia og intervju til eksterne prosjekt.

I samarbeid med Høgskulen på Vestlandet har DHS-Sogn Folkemuseum eit forskingsprosjekt på Haukåsengi på museet. I 2015 vart det lagt ut fastruter for å følgje utvikling og endring av enga. Fastrutene vart følgd opp i år. Haukåsengi er med i Utvalde naturtypar-slåttemark i Sogn og Fjordane, i samsvar med naturmangfaldloven.

Nordfjord Folkemuseum deltok i det EØS-finansierte prosjektet «Making and growing – Traditions between fibre and fabric» saman med Norsk Folkemuseum, Fine Crafts Association of Vilnius og handverkarar frå landsbyane Krikštėnai og Gyvoliai i Litauen. Målet med prosjektet var å spreie kunnskap om og interesse for tekstiltradisjonane i dei to landa. Gjensidige studieturar for å undersøke materialkultur og tekstiltradisjonar resulterte i ei vandreutstilling som vart vist fyrste gong på Nordfjord Folkemuseum i veke 4. I samband med utstillingane «Folkedrakt og bunad i Nordfjord» og «Nordfjordbåt» har ein fordjupa seg i dei ulike emna og drive ny innhenting av kunnskap. Ved begge utstillingane hadde vi fagseminar med inviterte foredragshaldarar i tillegg til eigne krefter.

Riksantikvaren finansiererte eit prosjekt for å bygge og drive ein kalkomn i Kvernsteinsparken. Målet er å produsere brent og leska kalk til kalkmørtel mellom anna for restaurering av klosterruinane på Selja. Prosjektet er basert på eksperimentell arkeologi der ein bygger ein omn, brukar eit marmorsteinbrot rett i nærleiken og organiserer alt saman slik at arbeidsmåten liknar den ein brukte i mellomalderen. Første brenning gjekk føre seg i juni 2017. Den vart ein stor publikumsattraksjon. Prosjektet er basert på at Hyllestad har gamle kalkbrennetradisjonar og er også ei utviding av tilbodet for publikum. Prosjektet har fått god finansiering frå Riksantikvaren også i 2018 og skal på lengre sikt føre til eit produkt som kan seljast.

Sogn og Fjordane Kunstmuseum har framleis samarbeid med Jølster kommune og Sparebankstiftelsen DnB om framtida til Astruptunet.



Kvernsteinsparken sitt store prosjekt i 2017 var bygging av ein funksjonell kalkomn etter mellomalderske prinsipp. Kalksteinane vart brent i 5 døgn og kan så brukast til tradisjonell mørtel. Foto: NKS/MiSF



Frå opninga av det EØS-finansierte prosjektet «Making and growing – Traditions between fibre and fabric» i Vilnius, Litauen 3. mars 2017. I Litauen vart utstillinga opna av den norske ambassadør Dag Halvorsen. Frå venstre: avdelingsdirektør Nordfjord Folkemuseum Anne Kristin Moe, prosjektleiar Agne Zilinskaite, tekstilhandverkar Janina Svetlikauskiene og ambassadør Dag Halvorsen. Foto: NFM/MiSF



Holvikejekta er det einaste fartøyet i sitt slag som er bevart i Noreg. I 2017 har vi utarbeidd med nye planer for eit vernebygg for det unike fartøyet. Foto: Espen Mills, NFM/MiSF.



Formidlingsopplegg for skuleklasse ved Otnheimstova ved Nordfjord Folkemuseum, Foto: NFM/MiSF

Et grundig forarbeid (forsking og undersøkingar av spesialister) tinga av Sparebankstiftelsen DnB skal resultere i ein rapport. Den vil bli eit viktig verktøy for utvikling og forvalting av Astruptunet. Rapporten skal overrekkast til Jølster og museet i løpet av våren 2018.

**Kunnskapsdeling og føredrag**

I tillegg til den kunnskapsformidlinga som skjer gjennom utstillingar og omvising, held dei tilsette ved Musea i Sogn og Fjordane ein rekke føredrag, førelesingar og innlegg både i musea sin regi og for eksterne oppdragsgjevarar. Oppdragsgjevar kan vere lokale sogelag og foreiningar, høgskular og universitet, andre museum, og offentlege etatar. Dei tilsette deltek òg på konferansar i inn- og utland. Føredraga handlar dels om tema som er knytt til musea sine vanlege formidlingstilbod og aktuelle utstillingar, dels om kompetanse som dei tilsette har bygd opp gjennom eiga forsking og kunnskapsoppbygging gjennom fleire år. På denne måten er Musea i Sogn og Fjordane synleg også utafor dei formidlingsarenaene som musea sjølv rår over.

Slik situasjonen er i dag, er det stor skilnad blant dei tilsette kor mykje dei bidreg med sin kunnskap på eksterne arenaer. Sjølv om dette kan ha individuelle forklaringar, der nokre tilsette både er vant med slike aktivitetar og sit på spisskompetanse innafor sitt fagfelt som gjer dei ettertrakta som føredragshaldarar, er det stort potensiale i å arbeide strategisk for auke denne verksemda. Dette vil ha positive konsekvensar både for forskingsaktivitetane i musea og for musea si evne til å vere relevante samfunnsinstitusjonar.

For 2017 er dokumentasjonen av føredragsverksemda veldig skeiv blant avdelingane, men for komande meldingsår vil Musea i Sogn og Fjordane arbeide meir systematisk med å dokumentere og rapportere denne viktige delen av musea sitt forskings- og formidlingsarbeid.

**Publikasjonar**

Dei tilsette publiserer kortare og lengre tekster i fagtidsskrift og årbøker, så vel som vitskaplege artiklar. Til saman har Musea i Sogn og Fjordane publisert 13 artiklar i 2017. Av desse er tre fagfellevurderte vitskaplege artiklar og ein redigert fagfellevurdert bok. Sjå eigen liste over publikasjonar.

DHS-Sogn Folkemuseum har i 63 år gjeve ut Årbok for Sogn med ulike tema og populærvitskaplege artiklar, som er ein viktig del av museet si formidlingsverksemd. Med utgangspunkt i reformasjonsjubileet vart Kyrkje og Kristenliv valt som tema for årboka i 2017, med Anna Avdem som redaktør. Frå 2017 overtok Nordfjord Folkemuseum det redaksjonelle ansvaret for Jul i Nordfjord. Årets utgåve av heftet har ei blanding av lengre og kortare tekster, og spenner over eit tidsspenn som går attende til vikingtida og fram til nyopna turistattraksjonar. Publikasjonen «Holvikejekta – sjøens stavkyrkje» (Selja Forlag) vart lansert 14. juni. Publikasjonen er finansiert av museet som engasjerte Ove Eide som forfattar. Avdelingsdirektør Anne Kristin Moe var prosjektleiar og bilderedaktør.

## 2.3 Formidling

Musea i Sogn og Fjordane skal gi både kunnskap og oppleving og gje tilgjengelege for alle. Det er gjennom formidlinga at musea er mest synlege i gjennomføring av samfunnsoppgåvene sine. Den immaterielle dimensjonen i både handling og haldning er viktig i all formidling og kunnskapsdeling. Gjennom året har museumseiningane fleire arrangement med ulikt innhald for ei breiare målgruppe, for på denne måten å nå ut til lokalsamfunnet. Også fagtematiske samlingar i seminarform, har vore gjennomført med relativt god oppslutning.

Fleire av avdelingane har vore utan formidlar i deler av året, og det har ført til noko redusert tilbod i periodar. Sett i lys av dette er vi nøgde med bredda i formidlingsaktivitetane gjennom året. Samstundes er det ein sårbar situasjon at formidlingsopplegga er så sterkt knytt til einskildpersonar ved avdelingane, og vi må i tida framover sjå korleis vi kan innrette oss på ein meir robust måte slik at vi kan oppretthalde tilbodet for dei besøkande.

I 2017 har Musea i Sogn og Fjordane opna til saman 28 utstillingar (sjå liste). Dette tel både faste utstillingar, mindre temautstillingar og midlertidige utstillingar. Ved DHS-Sogn Folkemuseum har vi jobba vidare med å oppgradere den faste jordbruksutstillinga. Den faste utstillinga ved Nordfjord Folkemuseum er no demontert, og planane for ny utstilling er i gang. Til fleire av utstillingane er det knytt aktivitetar, seminar og opne publikumsarrangement som har vore godt besøkte.

**DKS-prosjekt «Tidskapselen»**

I samarbeid med Den Kulturelle Skulesekken (DKS) i Førde utarbeidde alle avdelingar i Musea i Sogn og Fjordane eit program for 9. klassingar som heiter «Tidskapselen». Målet med prosjektet er at alle elevar i 9. klasse besøkjer ei museumsavdeling der dei lærar om kva eit museum er og kva den spesifikke museumsavdelinga held på med. Programmet skal gjennomførast kvart år. Hausten 2017 deltok dei første 1260 elevane i programmet. «Tidskapsel» refererer til ideen om å lage kapslar eller boksar der ein plasserer gjenstandar som speglar verda og livet i dag og som skal opnast igjen på ein bestemt dato i framtida. Elevane planla sjølv tidskapslar som skulle vise korleis livet i dag er og fekk så smake på

museumstilsette sin kvardag, der dei må velje ut gjenstandar for å dokumentere notida. For å bli kjent med det spesifikke museum tilbaud avdelingane rollespill, detektivarbeid, spørjeleikar, samtaler i lag med formidlarane og prøving av ulike handverk.

Ei evaluering gjennomført av DKS viste at det store fleirtalet av lærarane var veldig nøgde med tilbodet og hadde inntrykk av at elevane hadde både ein lærerik og kjekk dag som bidrog til å vekke interessa for museum.

**Formidling til skular og barnehagar**

Utover det vanlege tilbodet til besøkande, har alle avdelingane faste tilbod til skular, barnehagar og dels andre grupper.

**Sunnfjord museum**

- I eige hus – byggjeskikk. Teoridel før oppsetting av eit grindbygd og eit tømra hus.
- I gamle dagar. Forteljingar frå Østenstadstova og gamleskulen.
- Jul i Movika – førjulsstemning med juleforteljingar, Åsgårdsreia, risgraut og fletting av julekorger.

**Nordfjord Folkemuseum**

- «Making and growing» Tekstile tradisjonar i Noreg og Litauen
- Holvikejekta
- Eplepressing
- Nordfjordbåt
- Båt i Gloppen (DKS Gloppen)
- Energi og vasskraft
- Buskikk i Nordfjord (Friluftsmuseet)
- Juletradisjonar

**DHS-Sogn Folkemuseum**

Avdelinga legg vekt på at dei pedagogiske opplegga på museet skal vere tilpassa læreplanane for skulen og ha høg kvalitet. I tillegg til dei faste skuledagane med ulike tema tilbyr vi skulane opplegg etter deira eigne ønskje Vi har også eigne pedagogiske opplegg for høgskulestudentar og innvandrargrupper, og båe desse gruppene er veksande.

**Kystmuseet i Sogn og Fjordane**

- Faste opplegg for barnehagar i potetåkeren
- Sildeflekking for alle sjetteklassingar
- Båtar og leik for alle fjerdeklassingar i Flora kommune og Vågsøy kommune. Fast opplegg i samarbeid med oljebasen, der oljeutstillinga vår er sentral.
- Autolinebåten Haugefisk har visningskvote og har eige opplegg med den lokale skulesekken i Bremanger kommune.
- Juletilbod til skulane i Flora kommune.
- Adventsaktivitetar for born på museet søndagar før jul og på julemarknaden i Florø sentrum ein søndag i adventstida.

**Norsk Kvernsteinsenter**

Kvernsteinsenteret er nasjonalt kjend for eit mangeårig samarbeid med Hyllestad Skule. Som i dei siste to åra vart valfaget «Levande kulturarv» også i skuleåret 2016/2017 gjennomført i Kvernsteinsparken. Elevane lærte om mellomalderske handverksteknikkar og førebudde ei stor frilufts teaterframsyning: «Den Heilage Ingebjørg» av Norvald Tveit. Teaterframsyninga var ein stor suksess med rundt 300 besøkande. Vi har òg etablert ei kulturløype i Hyllestad sentrum, «Marthas Hyllestad», med fokus på korleis livet var for kring 50 år sida, i samarbeid med Visit Fjordkysten.

**Sogn og Fjordane Kunstmuseum**

Tilbod om omvising for grupper og skuleklassar ved alle avdelingar.

**Immateriell kulturarv**

Musea i Sogn og Fjordane jobbar aktivt med å dokumentere, ivareta og formidle deler av den immaterielle kulturarven som fell naturleg inn under musea sine satsingsområder. Ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane formidlast dette mellom anna i aktivitetar som smiding, bygging av leikebåtar, sildeflekking og arbeid på Autolinebåten Haugefisk. DHS-Sogn Folkemuseum arrangerte gjennom sommaren «Museumsonsdagar», der tradisjonsberarar i ulike handverk vart inviterte til museet for å syna sine arbeidsteknikkar. Prosjektet «Making and growing – Traditions between fibre and fabric» ved Nordfjord Folkemuseum (sjå under 2.2 Forsking og kunnskapsdeling) var òg eit godt døme på ei brei formidling av immateriell kulturarv.

Også i arbeid knytt til restaurering av bygningar og forvalting av uteområde, er den handlingsborne kunnskapen både naudsynt for å gjere ein museumsfagleg akseptabel jobb og ein viktig del av den formidlinga og opplevingane vi gjer dei besøkande.

## 2.4 Fornying

For å spele ei aktiv rolle i samfunnet må Musea i Sogn og Fjordane fornye og utvikle seg i takt med endringane i samfunnet. Desse samfunnsendringane skjer både lokalt og globalt, og krevjar at musea deltek både i den nasjonale og internasjonale kunnskapsutviklinga og er i dialog med det lokalsamfunnet som utgjer musea sitt kjernepublikum. For å fornye oss, må vi evne å stille kritiske spørsmål til vår eiga verksemd, og stadig arbeide for å bli betre til å utøve musea sitt samfunnsoppdrag. Fornying skal ikkje vere eit mål i seg sjølv, men må betraktast som ein strategi for å drive museumsverksemda på ein fagleg oppdatert og forsvarleg måte.

Fornyingsarbeidet har i det store vore utført på dei einskilde avdelin-

gane, og det er med nokre unntak ikkje lagt vinn på å nytte fordelen av å vere ei konsolidert stifting med brei, samansett kompetanse. I oppfølginga av den nye strategiplanen, vil vi etablere møteplassar og felles prosjekt som kan styrke den faglege utviklinga innafor Musea i Sogn og Fjordane, samt arbeide vidare med å vere aktivt deltakande i dei nasjonale nettverka og faglege samlingar.

I tråd med den førre strategiplanen, har det ved avdelingane vore arbeidd med å nå ut til nye grupper av befolkninga. «Lara-prosjektet» ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane er eit samarbeid med Flora kommune sin rusomsorg, der deltakarane er med å restaurere ein av museet sine båtar. Her blir kunnskapen museet sit på nytta for å gje deltakarane eit meiningsfullt arbeid. Ved Sunnfjord Museum har vi eit fast samarbeid med Helse Førde kalla «Kultur – Museum – Helse», som gjer eit museumstilbod for demente. Eit liknande tilbod finst òg ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane, «Lev Vel», som er eit dagtilbod for eldre demente. Nordfjord Folkemuseum har inngått samarbeid med «Onsdagstreffen» eit tilbod til eldre om besøk med omvising. Fleire av avdelingane har òg formidlingsopplegg retta særskilt mot innvandrarar og bebuarar på mottakssentre.

Musea i Sogn og Fjordane har auka bruken av sosiale medium i kontakten med publikum, og vi vil jobbe vidare med å undersøke korleis vi kan nytte digitale løysingar i formidlinga på måtar som kan integrerast i den øvre formidlinga. På Sunnfjord Museum har ein masterstudent gjort eit prosjekt på bruk av digitale verktøy i formidling i friluftsmuseet. Studenten er no mellombels engasjert som formidlar ved museet. Ved Nordfjord Folkemuseum har dei starta med «Vekas ting» på Facebook, knytt til aktuelle hendingar, arrangement eller forvaltningsarbeid. Kvar veke plukkar konservator ut ein gjenstand frå samlinga og fortel litt om denne.

Ved DHS-Sogn Folkemuseum var klimaendringar tema da museet var vertskap og medarrangør for den internasjonale konferansen «Climate Change Voices» i samarbeid med Vestlandsforsking og Høgskulen på Vestlandet. Gjesteforelesarar var internasjonale kapasitetar på ulike områder knytt til tema, og deltakarane var for det meste studentar og elevar frå Sogn og Fjordane, men det var opent for alle. Som avslutning på konferansen vart det arrangert workshop, der gruppene fekk ulike arbeidsoppgåver med å utvikle idear til samtidsdelen av den nye jordbruksutstillinga på museet.

Nordfjord Folkemuseum har arbeidd med å styrke samordninga mellom ulike deler av det museumsfaglege arbeidet. Utstillingane er utforma som prosjekt der registreringsarbeid, kunnskapsinnhenting og tekstskriving inngår, og der arbeidet òg munnar ut i artiklar.

Ved Norsk Kvernsteinsenter jobba vi vidare med å realisere utviklingsprosjektet om den «Nye Kvernsteinsparken» med mål om å gjere Kvernsteinsparken til eit meir attraktivt, profesjonelt og berekraftig utandørsmuseum. Med støtte av HAFS-Regionråd gjennomførte Norsk Kvernsteinsenter og Hyllestad kommune i 2017 eit prosjekt om HAFS-regionen bør satse på å verte UNESCO Global Geopark. Norsk Kvernsteinsenter kan bidra til og sterkt profittere frå ein UNESCO Global Geopark: Med kompetanse innan formidling, geologi og kulturarv, er museumsavdelinga sentral på vegen vidare mot ein Geopark med eit mogleg Geoparksenter i Kvernsteinsparken. Dette var òg tema for Hyllestadseminaret i år. Medarrangørar var Norges geologiske undersøkelse og Sognefjorden Kystpark. Seminaret hadde nasjonale føredragshaldarar og nærare 40 deltakarar.

**Faglege museumsnettverk**

Eit overordna nasjonalt mål er at alle musea som får statlege driftstilskot, skal delta i utvikling og drift av nasjonale nettverk. Nettverka skal legge til rette for rasjonell arbeidsdeling og samordning, motverke konkurrerande overlapping for dermed å sikre fagleg samanheng og god ressursutnytting. For Musea i Sogn og Fjordane er dei nasjonale museumsnettverka ei verdifull arena for kunnskapsutveksling og kompetansebygging. Samtidig er det ei erfaring at det er gjennom deltaking i konkrete prosjekt at vi får størst utbytte av nettverka. Derfor vil vi kontinuerlig vurdere kva for nettverk vi skal delta aktivt i, og om deltaking i nettverksprosjekt er føremålstenleg for dei strategiske måla vi sett oss.

**Musea i Sogn og Fjordane deltek i følgjande nasjonale nettverk:**

- Nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap (driftast av MiSF/DHS-Sogn Folkemuseum)
- Nasjonalt museumsnettverk for fiskeri og kystkultur - Fiskerinettverket
- Nasjonalt museumsnettverk for tradisjonshåndverk og bygningsvern
- Nasjonalt museumsnettverk for drakt og tekstil
- Nasjonalt museumsnettverk for kunst, arkitektur og design - Kunstnettverket
- Nasjonalt museumsnettverk for mangfold og minoriteter - Mangfoldsnettverket
- Nasjonalt museumsnettverk for samtidshistorie - Samtidsnettverket

**Andre nettverk/ samarbeidspartar:**

- Museumsforbundets fagseksjonar (formidling, kunst, leiing, forsking, samlingsforvalting, immateriell kulturarv)
- Foreningen Norske Kunstsentre
- Forening for kulturforskning
- NORSAM – Nordisk nettverk for samtidsdokumentasjon
- Nasjonalt nettverk for kvernsteinskommunane
- Vestlandsk nettverk for «Reiseliv i Industriens Vugge» (ERIH)
- Nettverk om Kystpilegrimsleia
- Klonarkiv for frukt ved Norsk Genressurssenter
- Samarbeidsavtale med NVEs Museumsordning
- NCE Tourism prosjektet «Museer, arkitektur og design»
- Bedriftsnettverket «Gaularfjellet»
- Bedriftsnettverket «Balestrand Adventure»



Førde Norsk Senter på formidlingsopplegg ved Sunnfjord Museum før jul. Foto: SUM/MiSF



Kystmuseet i Sogn og Fjordane hadde buadans som ein del av dagtilbodet for omsorgssenteret i Florø. Foto: KSF/MiSF.




Hyllestadseminaret 2017 hadde tema «UNESCO Global Geopark i HAFS?» for å informere og drøfte om ein Geopark kunne vere ei satsing. Seminaret avslutta med ein ekskursjon med geolog Øystein Jansen som viste deltakarane dei geologiske skattane i Kvernsteinsparken. Foto: NKS/MiSF



DKS-elevar finpussar klebersteinsmykke i Kvernsteinsparken, Foto: Kulturtanken Lars Opstad.



Hugging av kvernstein krev kraft og presisjon. DKS-elevar prøver seg på dette utdøydde handverket i Kvernsteinsparken, Foto: Kulturtanken Lars Opstad.

# 3. BESØKSTAL

**Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane hadde ein auke i antal besøkande i 2017 på 5 %, som gjev eit samla besøkstal på 66.830 gjester, ein auke på 3016 besøkande.**

Ein del av auken kjem av DKS-opplegget «Tidskapselen», der 1600 elevar i 9 klasse har besøkt våre museum i løpet av skuleåret 2017/2018. Mange har allereie vore innom oss, men det står att ein del besøk for vårsesongen 2018.

Kystmuseet i Sogn og Fjordane har hatt ein auke på 27%. Dei har eit godt samarbeid med skulane og barnehagane i Flora kommune og Vågsøy kommune, med godt besøkte formidlingsopplegg. I tillegg hadde dei ein god sommarsesong, med auka tilbod til barnefamiliar og tilbod om omvising i Bataldenbua.

Norsk Kvernsteinsenter i Hyllestad har vist positiv utvikling over fleire år, og hadde i år ein auke på 40%. Her har vi hatt auka aktivitet med fleire arrangement enn tidligare år og generelt auka besøk.

Sunnfjord Museum, De Heibergske Samlinger- Sogn Folkemuseum og Kunstmuseet i Førde ligg om lag på same besøkstal som i 2016.

Astruptunet held fram med veksten i 2017, så vi ser framleis effekten av den internasjonale Astruplanseringa i 2016. Anders Svor Museum har ein god auke i besøkstala samanlikna med 2016, men det er framleis potensiale for å auke besøket til museet.

Norsk Reiselivsmuseum har ein auke på 7%, og ein ser at det er stadig fleire nøgde gjester når vi ser på responsen i gjestebøker på nett.

Nordfjord Folkemuseum har hatt ein liten nedgang i samla besøkstal, grunna vakanse i formidlarstillinga fyrste semester. Det var likevel fleire individuelle besøkande i 2017 enn i 2016, noko som tyder på at avdelinga si satsing på fleire utstillingar og faglege arrangement har slått an.

MiSF nyttar felles rapporteringsskjema for besøkande med utgangspunkt i føringane om publikumsregistrering frå museumsseksjonen i Norsk Kulturråd. Besøkande som berre nyttar musea sine kafétilbod og friluftsområde til rekreasjon, er ikkje registrert i besøksstatistikken.

**Presse/media**

Nytilsett direktør Kjartan Aa Berge har vore synleg i media etter oppstarten i august 2017, som har gitt mange oppslag både i radio og i fleire lokalaviser, kronikkar med meir. I samband med tilsettinga var det óg innslag på Vestlandsrevyen. Avdelingane er også flinke til å nytte lokale aviser og etermedia i samband med arrangement, utstillingar og andre ting som skjer på musea. Vestlandsrevyen sende innslag frå slåttedagen ved De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum i år.

Fleire av avdelingsdirektørane har vore i lokal og nasjonal radio, som fagpersonar eller i samband med høgtider og norske tradisjonar. I Magasinet Bunad har Nordfjord Folkemuseum hatt ein 20-siders reportasje om utstillinga og den lokale folkedrakt- og bunadtradisjonen.

Vi har sendt felles pressemelding på besøkstal etter sommarsesongen og i samband med nytilsettingar på leiarnivå, som har resultert i fleire oppslag i ulike lokal aviser.

I den nye strategiplanen for 2018-2021 er målsetnaden at skal vi ha 100 eigengenererte mediaoppslag årleg.

**Marknadsføring**

Felles marknadsføring av Musea i Sogn og Fjordane er framleis i startfasen, men vi har no hatt felles brosjyre for sesongen i to år. I 2017 har vi utarbeidd ein felles marknadsplan for Musea i Sogn og Fjordane som vart godkjend i styret. I 2018 vil vi oppdatere denne i tråd med den nye strategiplanen.

Vi er partner i NCE Tourism, og er med i prosjektet «Museer, arkitektur og design». I tillegg er vi med i to ulike bedriftsnettverk innanfor reiseliv som jobbar med produktutvikling og samarbeid.

Vi deltok i 2017 for fyrste gong på Norwegian Travel Workshop (NTW), og hadde fleire gode møter med både incoming operatørar og turoperatørar. Vi skal og delta på NTW i 2018.

Museet si nettside og felles Facebookside er administrert av marknadskonsulenten og avtalane med destinasjonsselskapa er koordinert for å få stordriftsfordelar. Vi har godt samarbeid med destinasjonselskapa i regionen, og vi har starta arbeidet med å utvikle nye produkt for turistane. I 2018 skal vi og teste ut eit felles museumspass, med den hensikt å spreie å auke antal besøkande til våre museum.

Hausten 2017 arrangerte vi kurs for dei tilsette i bruk av sosiale media med ekstern kurshaldar.

Marknadsføring i samband med



arrangement og utstillingsopningar i MiSF er kvar enkelt avdeling sitt ansvar. Det skjer gjennom bruk av sosiale media, regional og lokal presse, nettstader og ulike samarbeidspartar. Alt av arrangement, utstillingar og aktivitet er styrt av avdelingane, og det er i dag inga intern koordinering mellom dei ulike arrangementa.

Halloween stund med lesestund og ansiktsmaling ved Norsk Reiselivsmuseum. Foto: NRM/MiSF.

| Besøk (sum alle gr.) | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| DHS - Sogn Folkemuseum | 19 131 | 14 512 | 14 214 | 13 810 | 23 286 | 23 917 |
| Kystmuseet i Sogn og Fj. | 8 474 | 9 003 | 9 837 | 7 875 | 6 265 | 7 949 |
| Nordfjord Folkemuseum | 6 765 | 7 795 | 7 716 | 9 352 | 9 611 | 8 817 |
| Sunnfjord Museum | 8 959 | 9 499 | 9 123 | 8 576 | 7 966 | 8 034 |
| Sogn og Fj. Kunstmuseum | 19 994 | 18 476 | 16 695 | 18 817 | 14 354 | 14 870 |
| Norsk Kvernsteinsenter | 0 | 793 | 944 | 2 403 | 2 332 | 3 243 |
| **SUM REG./ANSLAG** | **63 323** | **60 078** | **58 529** | **60 833** | **63 814** | **66 830** |

# 4. LISTER

## 4.1 Opne publikumsarrangement

**De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum / Norsk Reiselivsmuseum**

| | |
|---|---|
| 25.01 | Å eldes med humor v/Eva Marie Halvorsen. I samarbeid m/ Senioruniversitetet i Indre Sogn |
| 08.02 | Evert Taube-kveld i samarbeid med Trekkspelklubben i Sogndal |
| 20.02 | Urettferdig fordeling av økonomiske goder v/ Jørgen Pedersen i samarbeid med Senioruniversitetet i Indre Sogn |
| 21., 22., og 23.02 | Vinterferieveke m/ m.a. laging av fuglekasser og draumefangar |
| 22.03 | «Tid for hjem» v/Einar Nilsen |
| 20. 04 | Stavkyrkjene våre - riving, bruk og vern v/ Sofie Klementsen i samarbeid med med Fortidsminneforeningen i Sogn og Fjordane |
| 21.04 | Kvedar-kurs i samarbeid m/Judith Vestreim |
| 04.05 | Temakveld om demens i samarbeid m/ Demensforeningen i Sogndal |
| 06.05 | Balejazz m/Andreas Ulvo, Norsk Reiselivsmuseum/Balestrand Folkebibliotek |
| 10.05 | Det nye Norge v/Amal Aden, Norsk Reiselivsmuseum/Balestrand Folkebibliotek |
| 14.05 | Sangkafé m/lokale kor, Norsk Reiselivsmuseum |
| 20.05 | Hagedag m/ tema lauk |
| 23.05 | Om betre framtidsutsikter for verda v/Nils Petter Gleditsch i samarbeid med Senioruniversitetet i Indre Sogn |
| 18. 06 | Friluftsgudsteneste i samarbeid med Kyrkja i Sogndal og Kaupanger |
| 14.06 – 26.07 | Museumsonsdagar |
| 12.07 | Slåttedag |
| 25.08 | Konsert v/ Vidar Hjartholm og Runar Sandnes Sigarboxgitar, Norsk Reiselivsmuseum |
| 03.09 | Familiedag m/ fokus på barneaktivitetar/ Vandreteater: Jakten på meistertjuven |
| 13.09 | Om Bernt Tunold v/Jan Lando i samarbeid med Senioruniversitet og Skald Forlag |
| 27.09 | 1000 år i Sogn v/Steinar Velle i samarbeid med Senioruniversitet |
| 17.10 | Ytringsfridomens historie v/Andreas Skatveit i samarbeid med Senioruniversitetet i Indre Sogn |
| 31.10 | Arrangement i høve reformasjonsjubileet: Foredrag om reformasjonen i Sogn v/ Harald i Krøvel, og Aftansong i kyrkjeutstillinga i samarbeid med Sogn Prosti og Kyrkja i Sogndal. |
| 18.10 | Bokslepp: Fylkessoga for Sogn og Fjordane i samarbeid med Fagbokforlaget |
| 20.10 | Konsert v/ Kai Martin Brekke og Tor Talle, Norsk Reiselivsmuseum / Club Bele |
| 31.10 | Halloween Nifs lesestund v/ Åsta Urdal, Norsk Reiselivsmuseum / Balestrand Folkebibliotek |
| 02.11 | Fifty Shades of Getting Grey v/ Marit Figenschou, Norsk Reiselivsmuseum, Balestrand folkebibliotek/Folkeakademiet |
| 06.11 | Boklansering: Færøyene v/Ottar Fyllingsnes, Norsk Reiselivsmuseum, Balestrand Folkebibliotek |
| 07.11 | «Ei hand å holde i» v/Camilla Voss, i samarbeid med Senioruniversitetet i Indre Sogn |
| 29.11 | Handarbeidskafé: Enkle strikk til jul v/ Mari-Sofie Sandvik |

| | |
|---|---|
| 06. og 11/12 | Førjulskveld m/hest og slede, nisse og sal av julegraut. Salsboder |
| 12.12 | Førjulsarrangement m/ julegraut og julesongar v/ Leikanger mannskor i samarbeid med Senioruniversitetet i Indre Sogn |

**Norsk Kvernsteinsenter**

| | |
|---|---|
| 29.-30..04: | Hyllestadseminar om «UNESCO Global Geopark i HAFS?» |
| 26. og 29.05: | Mat & inspirasjon: Kurs i sanking og matlaging. Med lokale aktørar. |
| 03.06: | Kvernsteinsmarknaden i Hyllestad, hovudarrangør. |
| 03. og 04.05: | Skuleteateret «Den Heilage Ingebjørg», medarrangør. |
| 14. 08: | Historisk tur med M/S Atløy, medarrangør. |
| 20. 08: | Familiesøndag med ymse aktivitetar. |
| 15.10: | Kulturvandring til den gamle kalkomnen på Smilla, hovudarrangør. |

**Sogn og Fjordane Kunstmuseum**

| | |
|---|---|
| Januar | Utstillingsopning SFKM «Smak av bok» - opna av Jorunn Systad, biblioteksjef Førde |
| Februar | Foredrag av Kurt Johannessen bøker 1984-2017 i samarbeid med Førde bibliotek/ Rom for ord. |
| Mars | Utstillingsopning og boklansering Book & Hedén – «Nikolais natt» ved direktør for Henie Onstad Kunstsenter Tone Hansen |
| | Seminar «Den store Astruputstillinga 2016 -ulike erfaringar» med kurator MaryAnne Stevens, Sparebankstiftelsen DnB avdelingsdirektør Anders Bjørnsen, Direktør Henie Onstad Kunstsenter Tone Hansen, ordfører Jølster Oddmund Klakegg og SFKM avdelingsdirektør Janne Leithe. |
| | Eikaasgalleriet: Målarkurs ved Elsa Norunn Håheim Nydal i regi av den lokale skulesekken |
| | SFKM var (for første gong) samarbeid med "Kulturfestival 2017" for utviklingshemma. Det var verkstad og omvising på Kunstmuseet helga 24-26. mars. |
| April | Utstillingsopning av «Med skjemt og vet – 3 sunnfjordingar» på Eikaasgalleriet med ordførarane i Førde, Naustdal og Jølster. Song av Jorunn Torsheim. |
| | Foredrag om Astrup-satsinga ved administrerande direktør André Støylen for Sparebankstiftelsen DnB – i samarbeid med Stiftelseskonferansen 2017 |
| | Utstillingsopning av samlingsutstillinga «Kropp & Sjel» med psykolog Kjersti Wæhre |
| Mai | Kunstnarsamtale med Ingrid Book & Carina Hedén på Kunstmuseet i Førde. |
| | Opning av installasjonen «Byløa» på «Rådhusplassen» i Førde med heile bystyret. Prosjektet var ein del av Førde kommune sitt 20-års byjubileum. |
| | Opning av utstillinga «Tekstiltrykk og tresnitt – Engel og Nikolai Astrup» ved fylkesordførar Jenny Følling på Astruptunet |
| Juni | Sommarkonsert på Eikaasgalleriet. Sissel Gjerland Ekra / Odd Gunnar Frøysland. |
| | Opning av «Hans Gjesme og årstidene» på Sogn Kunstsenter ved Kristen O. Grøttebø. |
| Juli | Utstillingsopning i Førde «Det vi har i lag» med Maia Birkeland ved direktør for Kulturrådet Kristin Danielsen. |
| | Kunstmuseet hadde to konserter i regi av Førde Internasjonale folkemusikkfestival på Høgsalen og på takterrassen. |
| | Internasjonalt pressebesøk på Astruptunet i samband med Førdefestivalen |
| August | Sommarfest med kunstnarane i Sogn og Fjordane. |
| September | Kunstmuseet i Førde feirar fem år med gratis inngang og kaffi |
| | Kammermusikkonsert i utstillingssal i regi av Gloppen musikkfestival |
| | Offentleg omvising i utstillinga «Det vi har i lag» ved kunstnaren Maia Birkeland. |
| | «Naturvern på jordet» i kafé Sobra. Samarbeid med Økoveka i Sunnfjord og Rom for ord. |
| | «Ein Jølsterkveld med skjemt og vet» omvising med prest Silje Sørebø i samband med bispevisitas. |
| Oktober | Tresnittkurs på Eikaasgalleriet ved kunstnar Bjørn Kaaks. |

| | |
|---|---|
| November | Offentleg omvising med Fridtjov Urdal og Oddvar Torsheim på Eikaasgalleriet. |
| | KODE Bergen ved Nikolai Astrup forskingssenter for kunst og landskap til samtale om tekstilkunstnaren Engel Astrup (1892-1966) der deltok i panelet museumsstyrar ved Astruptunet, Solveig Berg Lofnes |
| Desember | Yoga i høgsalen kombinert med omvising i utstillinga «Kropp & Sjel» ved kurator Ingrid Norum, yoga med instruktør Elsa Björk i høgsalen og juice frå kafé Sobra. Eit samarbeid med Spenst Førde. |

**Nordfjord Folkemuseum**

| | |
|---|---|
| 25.01 | Presentasjon, foredrag og omvising i/om EØS-prosjektet «Making and growing» |
| 15.02 | Foredrag med «Livredderen»-fotograf Nils Olav Mevatne |
| 22.03 | Utstillingsopning «Heimen i Nordfjord 1880 – 1980» |
| 14.05 | Utstillingsopning «Frå Folkedrakt til bunad i Nordfjord» |
| 14.06 | Bokslepp «Holvikejekta – sjøens stavkyrkje» |
| 05.07 | Familiedag |
| 22.07 | Kunsthistoriekurs for born |
| 23.07 | Kunsthistoriekurs for vaksne |
| 05.08 | Støylsdag |
| 12.08 | Kunsthistoriekurs for born |
| 13.08 | Kunsthistoriekurs for vaksne |
| 10.09 | Draktseminar |
| 30.09 | Stand med formidlingsopplegg på Matamål, Sandane |
| 18.10 | Lansering av Soga om Sogn og Fjordane |
| 01.10 | Arr. i samband med Verdsdag for psykisk helse |
| 15.10 | Utstillingsopning «Nordfjordbåt» |
| 10.11 | Lefsebakekurs i samband med Kulturnatt |
| 03.12 | Julemarknad |

**Sunnfjord Museum**

| | |
|---|---|
| 21.-22.02 | Kortreist vinterferie. Aktivitetar for born og vaksne |
| 24.-26.03 | Ope kurs i kipebinding ved Samson Øvstebø |
| 11.05 | Torsdagskveld på museet. Tema 17. mai |
| 17.06 | Kvardagsfolk. Opning av utstilling ved Oddleiv Apneseth |
| 23.06 | Jonsokfeiring. Jonsokbryllaup og aktivitetar for born og vaksne. Dans om kvelden |
| 09.07 | Førdefestivalen. Konsert med Väsen. Kafé |
| 13.07 | Dans i Sersjantløa. Mokurset |
| 30.07 | Olsokfeiring med preike og kyrkjekaffi |
| 02.-03.09 | Husflidsmesse |
| 10.-11.10 | Kortreist haustferie. Aktivitetar for born og vaksne |

**Kystmuseet i Sogn og Fjordane**

09., 10.2 & 16.,17.02. Kurs i «Maritime knutar» v/Johan Vadøy

| | |
|---|---|
| 09.02 | Temakveld: Foredrag om Oselvaren v/Kjell Magnus Økland |

23.02, 02.,09.,16.,23.03 Kurs i slektsgransking v/Per Reppen

| | |
|---|---|
| 09.03 | Temakveld: Fordrag og slektsgranking og genetikk v/Yngeve Nedrebø frå Statsarkivet |
| 20.04 | Opning utstilling / Flora Kunstlag: Pippi Fernley og Nina Reick, «Kunst for Kidz» |
| 02.05 | Ope møte: Kinn kystlag, |

| | |
|---|---|
| 10.05 | Konsert med damekoret Fryd |
| 19.05 | Opning utstilling: Bjørn Hegranes, «Materialbilder i utval» |
| 23.06 | Open dag og utstillingsopning: «Tett på Kystkvardagen» Foto av fotorgraf og jekteskipper Anders P. Wallevik, Vågsberget |
| 03.09 | Kystdag/4H |
| 21.09 | Temakveld: Kopibygging og drift av «Bakkejekta» v/Ove Losnegård og avduking av skulpturen «Bakkejekta» av kunstnar Hjalmar Lothe |
| 13. og 14.20 | Smikurs v/ smed Kjetil Torvund |
| 20.10 | Opning utstilling/ Flora Kunstlag: Bjarne Svanøe, «Maleri og teikning» |
| 16.11 | Temakveld: «Havet tok» v/Magnus Torvanger |
| 17.11 | Opning utstilling/Flora kunstlag: «Juleutstilling» |
| 09.12 | Juleverkstad på Jule-marknader i Florø sentrum |
| 10.12 | Konsert: Kammersongarane |
| 10.12 | Juleverkstad på museet |

* I tillegg har vi hatt mange ulike formidlingsopplegg på alle musea våre for ulike besøksgrupper.

## 4.2 Utstillingar

### Nordfjord Folkemuseum

| | |
|---|---|
| 16.11.16-21.2.17 | «Livreddaren – eit dokumentarisk portrett av spelsauen» (Havråtunet m.fl.) |
| 23.01-31.02 | «Making and growing. Traditions between tekstiles and farbric» |
| 22.03 - 30.04 | «Heimen i Nordfjord 1880 – 1980» |
| 14.05 - 15.09 | «Frå Folkedrakt til bunad i Nordfjord» |
| 15.10 - mars 2018 | «Nordfjordbåt» |
| 03.12.17 – jan. 2018 | «Juletrepynt» |

### Sogn og Fjordane Kunstmuseum

| | |
|---|---|
| -19.02. | Therese Christensen – Maleri |
| -31.12 « | Krig og fred og religion og politikk og sånn...» Basisutstilling frå samlingane |
| 21.01 - 19.03.: | «Smak av bok» kurator Rita Marhaug |
| 02.03 - 28.05 | Ingrid Book & Carina Hedén – video-installasjon «Nikolais natt» |
| 01.04. - 24.11 | «Med skjemt og vet – 3 sunnfjordingar» Oddvar Torsheim, Kjartan Slettemark og Ludvig Eikaas på Eikaasgalleriet. Song av Jorunn Torsheim. |
| 20.04 | Basisutstilling frå samlingane «Kropp & Sjel» |
| 16.05. - 12.11.: | «Byløa» ved Maia Birkeland – «Det vi har i lag» eit samarbeid med Førde kommune, Førde folkemusikkfestival og Sunnfjord museum, Ein del av Førde kommune sitt 20-årsjubileum. |
| 20.05 - 17.09.: | «Tekstiltrykk og tresnitt – Engel og Nikolai Astrup» Astruptunet. |
| 16.06-27.08.: | «Hans Gjesme og årstidene» på Sogn Kunstsenter |
| 21.05-18.09.: | Anders Svor – Basisutstilling, Anders Svor Museum |
| 05.07. | «Det vi har i lag» med Maia Birkeland |

### Sunnfjord Museum

| | |
|---|---|
| -25.03 | «Viva Basket» ei utstilling om fletteteknikkar, materiale og produkt frå Polen og Noreg, produsert av Sunnhordland folkemuseum, besøksgarden Søre Skogen og Serfenta Association. Utstillinga var supplert med eige materiale. |
| 22.05-31.05 | Vandreutstillinga «Matematisk tråd» er produsert av Nasjonalt senter for matematikk i opplæringen, Nordnorsk Vitensenter Tromsø og Vitenfabrikken, Jærmuseet. Museet har supplert med gjenstandar frå samlinga |

| | |
|---|---|
| 17.07 | -31.10 «Kvardagsfolk» Utstillinga kom til ved eit samarbeid mellom Sunnfjord Museum og kunstnaren Maia Birkeland. Eine delen av utstillinga er ein installasjon kalla «All those emotions. I carry them with me» (2013). I den andre delen møter du 16 menneske frå Sunnfjord.<br>Juni-august Kvardagsmonument. – ein installasjon av Maia Birkeland som stod i friluftsmuseet heile sommaren. |
| 02.12-19.12 | Peparkakebygda. Vi fekk hjelp av skuleelevar og frivillige rundt i Sunnfjord. Meininga å gjere det til ei årviss utstilling. |

**Kystmuseet i Sogn og Fjordane**

| | |
|---|---|
| 20.04 - 14.05 | Flora Kunstlag: Pippi Fernley og Nina Reick, «Kunst for Kidz» |
| 19. 05 - 03.09 | Bjørn Hegranes, «Materialbilder i utval», |
| 23.06 - 18.08 | «Tett på Kystkvardagen» Foto av fotograf og jekteskipper Anders P. Wallevik, Vågsberget |
| 04. - 15.10 | Foto: «Gripen av havfolket», Robert R. Robertson, på Nordfjord Operahus |
| 20.10 - 12.11 | Flora Kunstlag: Bjarne Svanøe, «Maleri og teikning» |
| 17.11 - 19.12 | Flora kunstlag: «Juleutstilling» |

## 4.3 Publikasjonar

**Fagfellevurderte, vitskapelege publikasjonar:**

Hansen, G. & Storemyr, P. (eds.) (2017): Soapstone in the North: Quarries, Products and People. 7000 BC – AD 1700. UBAS University of Bergen Archaeological Series, 9, 408 p.

Hansen, G. & Storemyr, Per (2017): A Versatile Resource – The Procurement and Use of Soapstone in Norway and The North Atlantic Region. In: Hansen, G. & Storemyr, P., Soapstone in the North: Quarries, Products and People. 7000 BC – AD 1700. UBAS University of Bergen Archaeological Series, 9, 9-28.

Storemyr, Per & Heldal, T. (2017): Reconstructing a Medieval Underground Soapstone Quarry: Bakkaunet in Trondheim in an International Perspective. In: Hansen, G. & Storemyr, P., Soapstone in the North: Quarries, Products and People. 7000 BC – AD 1700. UBAS University of Bergen Archaeological Series, 9, 107-130.

Walle, Thomas (2017): From the margins to the pitch: cricket, migration and social resources. I Sport and Contested Identities: Contemporary Issues and Debates, David Hassan and Ciaran Acton (eds.), Routledge, London

**Andre vitskapelege publikasjonar**

| | |
|---|---|
| Storemyr, Per (2017): | Experimental archaeology: Building a limekiln in Western Norway. The Journal of the Building Limes Forum, 24, 22-27. |

**Populærvitskaplege publikasjonar**

| | |
|---|---|
| Berger, Ingrid (2017): | Tre horver frå Stryn. I Årsskrift for Stryn Historielag. |
| Berger, Ingrid (2017): | Ein færing. I Ljøren, Gloppen sogelag. |
| Berger, Ingrid (2017): | Holvikejekta. I Kjelda nr.1, 2017 , utgjevar Sogn og Fjordane Fylkesarkiv |
| Berger, Ingrid (2017): | Nordfjordbåt – type, historie og bruk. I Jul i Nordfjord 2017 |
| Engesæter Aage (2017): | Niels Dahl og «befundne Mærkverdigheder i Yttre-Sogns Provstis kirker. I Årbok for Sogn 2017 |
| Felde, Eva Marie (2017): | Spora av fortida som forsvann. I Jul i Nordfjord 2017 |
| Felde, Eva Marie (2017): | Eit nytt Nordfjord. I Jul i Nordfjord 2017 |
| Moe, Anne Kristin (2017): | Frå folkedrakt til bunad i Nordfjord. I Jul i Nordfjord 2017 |



Frå utstillinga «Kvardagsfolk», Sunnfjord Museum. Foto: SUM/MiSF



5. august arrangerte vi støylsdag i samarbeid med Gloppen bonde- og småbrukarlag. På Nordfjord Folkemuseum fekk publikum høyre på føredrag og prøve seg på semarering av mjølk og kinning av smål. På Ytre Kandalstøylen var det marknadsboder og ostekoking. Foto: NFM/MiSF



Frå sesongopning på Astruptunet med fylkesordførar Jenny Følling, ordførar i Jølster Oddmund Klakegg og avdelingsleiar ved Astruptunet Solveig Berg Lofnes. Foto: SFKM/MiSF



Frå knutekurset «Nytt liv i knutane» ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane. Foto: KSF/MiSF

# 5. ÅRSMELDING 2017

## STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE

Org.nr. 994 179 136

**Verksemda si art og lokalisering**

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane er eit konsolidert museum med avdelingane Nordfjord Folkemuseum (Sandane), Kystmuseet i Sogn og Fjordane (Florø), Sunnfjord Museum (Førde), De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum (Kaupanger), Sogn og Fjordane Kunstmuseum (Førde) og Norsk Kvernsteinssenter (Hyllestad). Tilhøyrande besøksstader/underavdelingar er Vågsberget (Vågsøy), Sogn Fjordmuseum (Kaupanger), Norsk Reiselivsmuseum (Balestrand), Astruptunet (Jølster), Eikaasgalleriet (Jølster), Anders Svor Museum (Hornindal) og Sogn Kunstsenter (Lærdal).

**Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane er ei stifting med følgande føremål**

Stiftinga sitt føremål er å drive museum. Stiftinga skal drive innsamling, bevaring, dokumentasjon, forsking og formidling. Stiftinga skal kunne drive anna kulturell verksemd.

Museet skal vidareføre og utvikle drifta i verksemda og handle i samsvar med ICOM sitt museumsetiske regelverk. Museet kan drive verksemd med naturleg tilknyting til hovud verksemda som er med på å realisere stiftinga sitt ideelle og kulturelle føremål. Stiftinga si målform er nynorsk.

**Oppsummering, status og utvikling i Musea i Sogn og Fjordane**

Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum vart 14.07.17 overdrege til Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane etter vedtak i Lotteri og Stiftingstilsynet med rekneskapsmessig verknad frå 01.01.2017. Det er forventa ein tilsvarande prosess med eigarstyra ved Kystmuseet og Nordfjord Folkemuseum i 2018.

Kjøp av Ramstad Eskevarefabrikk vart vedteke i desember 2016. Kjøpesum vart utbetalt til seljar og eigedomsretten overført til MiSF i januar 2017. Eigedommen er erverva med hensikt å lage til eit magasin for samlingane i MiSF, men det er uklart korleis vidare finansiering vert og eit tema som det arbeidast vidare med frå MiSF.

Ny administrerande direktør, Kjartan Aa Berge, tiltredde stillinga frå august 2017. Arbeidet med ny strategiplan 2018-2021 vart starta i september og vedteken av styret i desember 2017. Det skal arbeidast vidare med tiltaksplanar for MiSF i 2018 .

I 2017 har stiftinga Musea i Sogn og Fjordane endra rekneskapsprinsipp frå små til store føretak ut frå dei gjeldane reglane i rekneskapslova. Pensjonsforpliktinga er balanseført og effekt på resultatet er innarbeidd i tråd med mottatt aktuarberekning. Bokførte forpliktingar pr. 31.12.17 er kr 17 082 242.

Frå 2020 er det usikkert korleis tilskotssituasjonen vil vere for MiSF på fylkeskommunalt og kommunalt nivå. Det er ikkje kjend korleis dette vil handterast etter samanslåinga mellom Hordaland Fylkeskommune og Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Dei ulike nye kommunestrukturane innanfor og utanfor eksisterande fylke per i dag kan og utfordre dagens finansieringsløysning. I våre framtidsplanar legg vi likevel til grunn eit tilskotsnivå som ikkje avviker mykje frå dagens nivå.

**Fordeling av offentlege driftstilskot**

Offentleg tilskot til ordinær drift av Musea i Sogn og Fjordane i 2017, fordelte seg slik:

- Statstilskot:
  kr. 34 900 000* (62,2 %)
- Fylkestilskot:
  kr. 14 385 000 (25,7 %)
- Kommunetilskot:
  kr. 6 785 194 (12,1 %)

**Sum kr. 56 070 194**

* I tillegg har MiSF motteke kr 610 000 som er utbetalt til Stiftinga Måløyraidsenteret.

Staten er den største tilskotsytaren, og har lagt inn føresetnaden om at fylke og kommunar skal dekkje minst 40 % av det samla offentlege driftstilskotet. I 2014 gjorde Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtak om å endre sin prosentdel frå 31 til 25 av det regionale driftstilskotet, utan at kommunane sin del ble tilsvarande auka. Eit samarbeid med KS og MiSF har resultert i at alle kommunane i fylket har bidrege med tilskot i tråd med nye driftsavtaler frå 01.01.17.

Styret har vedteke eit budsjett for året 2018 med overskot og vil arbeide etter det. Likviditeten er god. Styret hadde 7 møter og behandla 50 saker.

**Framleis drift**

Styret og administrerande direktør meiner føresetnaden for framhald av drifta er tilstade, og legg dette til

grunn ved framlegging av årsrekneskapen.

Den finansielle risikoen i stiftinga er låg.

**Arbeidsmiljø og likestilling**

Musea i Sogn og Fjordane vart IA-bedrift i 2014. Hausten 2017 vart det, i samarbeid med bedriftshelsetenesta, utført ei medarbeidarundersøking blant dei tilsette. Føremålet var å kartlegge dei fysiske og dei psykososiale forholda på arbeidsplassen. Resultatet av dette viste at arbeidsmiljøet er tilfredsstillande.

Det vart innført elektronisk registrering av arbeidstid frå 1. april 2017 for alle tilsette i MiSF (Tidsbanken). Arbeidsmiljøutvalet har hatt 3 møter.

Det har ikkje vore registrert personskadar i 2017. Sjukefråværet var pr. 31.12.2017 på 2,42 %. I den nye strategiplanen er målet at det samla sjukefråværet ikkje skal vere høgare enn 3%. Styret vurderer såleis sjukefråværet for 2017 som akseptabelt.

Stiftinga hadde i 2017 til saman 69,3 årsverk. Dette var inklusive vikarar. Av desse var 51,1 årsverk fast tilsette fordelt på 35 kvinner og 26 menn. Direktør er mann og 6 avdelingsdirektørar er kvinner. I styret er det 3 kvinner og 4 menn. Styret meiner at stiftinga har eit tilfredsstillande fokus på likestilling.

Det er framleis behov for tekniske forbetringar og bygningsmessige tiltak ved Sunnfjord Museum for å betre dårlege arbeidsforhold og inneklima for dei tilsette der.

**Diskriminering**

MiSF ynskjer å vere ein møtestad for alle type menneske, og ein av verdiane som er identifisert i strategiplanen 2018-2021 er «Inkluderande». Denne verdien inneber at vi skal vere eit museum for alle, uavhengig av bakgrunn.

Vi jobbar aktivt med å rekruttere og behalde folk med varig eller mellombels redusert funksjonsevne. I den samanheng tilbyr vi praksisplass i samarbeide med NAV.

Det er ingen kjende saker i stiftinga der diskriminering er eit tema.

**Ytre miljø**

Det er ikkje tilhøve ved verksemda som kan medføre negativ påverknad på det ytre miljø.

**Årsresultat og disponering**

Styret er av den oppfatning at resultatrekneskapen og balansen med notar gjev eit rettvisande bilete av drifta i løpet av året og om stillinga ved årsslutt.

Stiftinga hadde i 2017 eit bokført resultat på kr 5 115 797, som føreslåast overført til annan eigenkapital i sin heilskap.

**Eigenkapital**

Ved utgangen av fjoråret 31.12.2016 var total eigenkapital på kr 20 824 153. Som følgje av ei prinsippendring i samband med rekneskapsføring av pensjonsforpliktingar, er eigenkapitalen pr. 31.12.17 redusert til kr 9 275 353. Denne prinsippendringa er komen som eit resultat av at stiftinga ikkje lenger oppfyller krava i rekneskapslova §1-6 om små føretak. Som ein konsekvens av dette er pensjonsforpliktinga balanseført og eigenkapi-

Laura Kvamme
Styreleiar

Olve Grotle
Nestleiar

Ingrid Norum
Styremedlem

Steinar Evebø
Styremedlem

Hanne Bergliot Oftedal
Styremedlem

Arild Bergstrøm
Styremedlem

Torbjørn Vereide
Styremedlem

Kjartan Aa Berge
Administrerande direktør

# 6. ÅRSREKNESKAP

## Resultatrekneskap 2017

| | Note | 2017 | 2016 |
|---|---|---|---|
| Salsinntekt | 4 | 4 437 122 | 3 916 634 |
| Driftstilskot | 4 | 56 070 195 | 55 336 482 |
| Inntekter prosjekt | 4,6 | 2 337 518 | 6 895 768 |
| Anna driftsinntekt | 4 | 1 784 990 | 479 064 |
| Sum driftsinntekter | | 64 629 825 | 66 627 947 |
| | | | |
| Varekostnad | | (1 461 874) | (1 172 751) |
| Utstillingskostnader m.m | | (558 090) | (1 544 766) |
| Lønskostnad | 1,11 | (33 958 950) | (34 563 346) |
| Avskriving av varige driftsmidl./immaterielle eigedelar | 2 | (341 690) | (163 500) |
| Andre driftskostnader | 1,6,8,12 | (23 462 986) | (27 760 301) |
| Sum driftskostnader | | (59 783 590) | (65 204 664) |
| Driftsresultat | | 4 846 235 | 1 423 283 |
| | | | |
| Annan renteinntekt | | 282 150 | 416 168 |
| Annan finansinntekt | | 42 055 | 1 407 |
| Sum finansinntekter | | 324 205 | 417 575 |
| | | | |
| Annan rentekostnad | | (7 715) | (14 986) |
| Annan finanskostnad | | (46 928) | (23 728) |
| Sum finanskostnader | | (54 643) | (38 714) |
| Netto finans | | 269 562 | 378 860 |
| Årsresultat | | 5 115 797 | 1 802 144 |

**Overføringar**

| | | |
|---|---|---|
| Overføringar til/frå annan eigenkapital | 5 115 797 | 1 802 144 |
| Sum overføringar og disponeringar | 5 115 797 | 1 802 144 |

# Balanse 31.12.

| | Note | 2017 | 2016 |
|---|---|---|---|
| EIGENDELAR | | | |
| Anleggsmidlar | | | |
| Varige driftsmidlar | | | |
| Fellesmagasin Ramstad | 2 | 11 909 000 | 0 |
| Installasjonar NRM | 2 | 215 000 | 246 000 |
| Inventar, verktøy, kontormaskiner og liknande | 2 | 610 000 | 733 500 |
| Sum varige driftsmidlar | | 12 734 000 | 979 500 |
| Finansielle anleggsmidlar | | | |
| Investeringar i aksjar og andelar | | 186 530 | 186 530 |
| Andre fordringar | 7,11 | 2 211 295 | 699 997 |
| Sum finansielle anleggsmidlar | | 2 397 825 | 886 527 |
| Sum anleggsmidlar | | 15 131 825 | 1 866 027 |
| Omløpsmidlar | | | |
| Varer | | 748 796 | 695 000 |
| Sum varer | | 748 796 | 695 000 |
| Fordringar | | | |
| Kundefordringar | 10 | 437 799 | 731 053 |
| Andre fordringar | 10 | 4 136 227 | 7 252 385 |
| Sum fordringar | | 4 574 027 | 7 983 438 |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | 5 | 22 630 185 | 25 759 600 |
| Sum bankinnskot, kontantar og liknande | | 22 630 185 | 25 759 600 |
| Sum omløpsmidlar | | 27 953 007 | 34 438 038 |
| Sum eigendelar | | 43 084 832 | 36 304 065 |

# Balanse 31.12.

| | Note | 2017 | 2016 |
|---|---|---|---|
| EIGENKAPITAL OG GJELD | | | |
| Eigenkapital | | | |
| Innskoten eigenkapital | | | |
| Grunnkapital | 3 | 210 000 | 100 000 |
| Sum innskoten eigenkapital | | 210 000 | 100 000 |
| | | | |
| Opptent eigenkapital | | | |
| Annan eigenkapital | 3 | 9 065 353 | 20 724 153 |
| Sum opptent eigenkapital | | 9 065 353 | 20 724 153 |
| Sum eigenkapital | 3 | 9 275 353 | 20 824 153 |
| | | | |
| Gjeld | | | |
| Avsetning for forpliktingar | | | |
| Pensjonsforpliktingar | 11 | 17 082 242 | 0 |
| Sum avsetning for forpliktingar | | 17 082 242 | 0 |
| Sum langsiktig gjeld | | 17 082 242 | 0 |
| | | | |
| Kortsiktig gjeld | | | |
| Leverandørgjeld | | 4 764 359 | 3 472 794 |
| Skuldige offentlege avgifter | | 1 975 535 | 2 079 058 |
| Anna kortsiktig gjeld | 9 | 4 724 079 | 4 365 938 |
| Pågåande prosjekt | 6 | 5 263 263 | 5 562 122 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 16 727 237 | 15 479 912 |
| Sum gjeld | | 33 809 479 | 15 479 912 |
| Sum eigenkapital og gjeld | | 43 084 832 | 36 304 065 |

STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE
Sandane 27.02.2018

Laura Kvamme
Styreleiar

Olve Grotle
Nestleiar

Ingrid Norum
Styremedlem

Steinar Evebø
Styremedlem

Hanne Bergliot Oftedal
Styremedlem

Arild Bergstrøm
Styremedlem

Torbjørn Vereide
Styremedlem

Kjartan Aa Berge
Administrerande direktør

# Indirekte kontantstraum

| | Note | 2017 | 2016 |
|---|---|---|---|
| **Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar** | | | |
| Resultat | | 5 115 797 | 1 802 144 |
| +/- Tap/gevinst ved sal av anleggsmidlar | | (216 668) | 0 |
| + Ordinære avskrivingar | | 341 690 | 163 500 |
| +/- Endring i varelager | | (53 796) | (160 000) |
| +/- Endring i kundefordringar | | 293 254 | 52 106 |
| +/- Endring i leverandørgjeld | | 1 291 565 | (2 645 085) |
| +/- Forskj. mellom kostnadsført pensjon og inn-/utbet. | | (969 403) | 0 |
| +/- Endring i andre tidsavgrensningspostar | | 3 071 917 | (1 973 739) |
| = Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar | | 8 874 356 | (2 761 074) |
| | | | |
| **Kontantstraum frå investeringsaktivitetar** | | | |
| + Innbetalingar ved sal av varige driftsmidlar | | 216 668 | 0 |
| - Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmidlar | | (12 096 190) | 0 |
| + Innb. ved nedbetaling langsiktig fordring | | 116 667 | 116 667 |
| - Utbetalingar ved kjøp av andre investeringar | | (240 916) | 0 |
| = Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar | | (12 003 771) | 116 667 |
| | | | |
| = Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar | | (3 129 415) | (2 644 407) |
| + Beh. av kont og kontantekvivalentar ved periodens begynning | | 25 759 600 | 28 404 007 |
| = Beh. av kont og kontantekvivalentar ved periodens slutt | | 22 630 185 | 25 759 600 |

# Notar til rekneskapen 2017

**Rekneskapsprinsipp**
Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova. Følgjande rekneskapsprinsipp er anvendt:

**Generelle inntekts- og kostnadsføringsprinsipp**
Inntekt er resultatført når den er opptent. Utgifter samanstilt og kostnadsført samstundes med dei inntekter som utgiftane kan relaterast til.
Utgiftar som ikkje kan relaterast direkte til inntekter vert kostnadsførte når dei har oppstått.

**Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld**
Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omløpsmiddel.
Ved klassifisering av kortsiktig gjeld er tilsvarande kriterie lagde til grunn.
Anleggsmidlar vert vurderte til innkjøpskost, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet vert rekna som ikkje forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid, vert avskrive planmessig.
Omløpsmidlar vurderast til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi.

Stiftinga eig ei kunstsamling som ikkje er balanseført.

**Varige driftsmidler**
Varige driftsmidlar vert balanseført og vert avskrive over driftsmidlane si levetid dersom dei har ei levetid over 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15.000. Direkte vedlikehald av driftsmidlar vert kostnadsført under-

løpande driftskostnader, medan påkostningar eller forbedringar vert tillagt driftsmidlets kostpris og avskrive i takt med driftsmidlet.

Leigde (leasede) driftsmidlar vert balanseført som driftsmidlar dersom leigekontrakta er finansiell.

**Fordringer**
Kundefordringar og andre fordringar er oppsett i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane.

**Varelager**
Lager av innkjøpte varer er verdsatt til laveste av anskaffelseskost etter FIFO-prinsippet og verkeleg verdi. Det foretas nedskrivning for páregneleg ukurans.

**Pensjonar**
Selskapet har ein ytelsesbasert pensjonsordning. Ytelsesplan betyr at pensjonsordninga definerer ein pensjonsutbetaling som en tilsett vil motta ved pensjonering. Ytelsesplanen er avhengig av fleire faktorar som alder, antal år i selskapet og løn. Den balanseførte forpliktinga knytt til ytelsesplanar er nåverdien av dei definerte ytelsane på balansedatoen minus verkeleg verdi av pensjonsmidlene, justert for ikkje resultatførte estimatavvik og ikkje resultatførte kostnader knytt til tidligare perioder sin pensjonsopptjening

Pensjonsforpliktinga vert berekna årleg av ein uavhengig aktuar ved bruk av ein liniær oppteningsmetode.

Noverdien av dei definerte ytelsane vert bestemt ved å diskontere estimerte framtidige utbetalingar med ein langsiktig risikofri rente med tillegg av eit risikopåslag. Estimatavvik som skuldast ny informasjon eller endringar i dei aktuarmessige føresetnadene utover det største av 10% av verdien av pensjonsmidlane og 10% av pensjonsforpliktelsane, blir ført i resultatrekneskapet over en periode som tilsvarer arbeidstakarane si forventa gjennomsnittlege resterande tid til pensjonering.

Endringar i pensjonsplanen sine ytingar vert kostnadsført eller inntektsført løpande i resultatrekneskapen, med mindre rettane etter den nye pensjonsplanen er betinga av at arbeidstakaren blir verende i teneste i ein spesifisert tidsperiode. I dette tilfellet resultatførast effekta av endringa lineært over opptjeningsperioden.

Nåverdien av pensjonforpliktelsar er avhengig av fleire faktorar (herunder diskonteringsrenta) som må fastsetjast ved bruk av en rekke antagelsar. Einkvar endring i desse føresetnadene påvirkar pensjonsforpliktelsane. Andre grunnleggande føresetnader for pensjonsforpliktelsane er delvis basert på faktiske marknadstilhøve.

Tilleggsinformasjon vert vist i note.

Stiftinga si pensjonsforplikting er i år teke inn i årets rekneskap. Dette er gjort ved at forpliktelsane pr. 01.01.17 kr 17.901.016 er ført direkte mot selskapet sin annan eigenkapital og årets endring - kr 818 774, er ført mot resultatrekneskapen under lønskostnader.

I tillegg er og eigenkapitalinnskot i KLP balanseført 01.01.2017 med føring mot annen eigenkapital med kr 1.236.419og årets eigenkapitaltilskot kr 150.629 ført mot lønskostnader.

**Konsolidering**
Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vart stifta 14. januar 2009, og er ei samanslutning av fylgjande avdelingar:
Stiftinga De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum (her under stiftinga Norsk Reiselivsmuseum)
Stiftinga Kystmuseet i Sogn og Fjordane
Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum
Sunnfjord Museum
Nordfjord Folkemuseum
Norsk Kvernsteinsenter

# Notar til rekneskapen 2017

## Note 1 – Tilsette, godtgjersle, mv.

| **Lønskostnad** | **2017** | **2016** |
|---|---|---|
| Løn | 27 155 040 | 26 939 899 |
| Arbeidsgjevaravgift | 3 447 167 | 3 393 902 |
| Pensjon | 2 761 004 | 3 363 305 |
| Andre personalkostnader | 595 739 | 866 240 |
| **Sum** | **33 958 950** | **34 563 346** |
| **Tal årsverk** | **51,1** | **50,3** |

| **Ytingar til leiande peronar** | **Adm. direktør** | **Styret** |
|---|---|---|
| Løn adm.direktør fra 01.01. - 31.07. | 534 989 | 217 138 |
| Løn adm.direktør fra 01.08. - 31.12. | 358 542 | |
| Andre ytingar | 6 969 | 5 209 |
| **Sum** | **900 500** | **222 347** |

| **Revisor** | **2017** | **2016** |
|---|---|---|
| Honorar revisjon | 116 676 | 99 172 |
| Andre revisjonsrelaterte tenester | 6 395 | |

# Notar til rekneskapen 2017

**Note 2 – Anleggsmidlar**

| | Tomt Ramstad | Fellesmagasin Ramstad | Installasjoner NRM | Uteområde avd. 4 | Inventar utstyr | Sum |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Anskaffelseskost 1.1. | | | 308 000 | 79 337 | 3 605 563 | 3 992 900 |
| Avgang i året | | | | | | - |
| Tilgang i året | 2 665 000 | 9 431 190 | | | | 12 096 190 |
| **Anskaffelseskost 31.12.** | **2 665 000** | **9 431 190** | **308 000** | **79 337** | **3 605 563** | **16 089 090** |
| Samla ordinære avskrivingar | | 187 190 | 93 000 | 79 337 | 2 995 563 | 3 355 090 |
| **Bokførd verdi 31.12** | **2 665 000** | **9 244 000** | **215 000** | **0** | **610 000** | **12 734 000** |
| Årets ordinære avskrivingar | | 187 190 | 31000 | | 123 500 | 341 690 |
| Levetid | | 50 år | 5 år | 5 år | 5 år | |
| Avskrivingsmetode | | Lineær | Lineær | Lineær | Lineær | |

**Note 3 – Spesifikasjon eigenkapital.**

| **Stiftarar** | **Sum** |
|---|---|
| **Innbetalt grunnkapital** | |
| Sogn og Fjordane fylkeskommune | 50 000 |
| Nordfjord Folkemuseum | 10 000 |
| Sunnfjord Museum | 10 000 |
| Sogn og Fjordane Kunstmuseum | 10 000 |
| Kystmuseet i Sogn og Fjordane | 10 000 |
| De Heibergske Samlinger - Sogn Folkemuseum | 10 000 |
| **Sum** | **100 000** |
| Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum - samanslått i 2017 med MiSF | 110 000 |
| **Sum innskoten eigenkapital** | **210 000** |

# Notar til rekneskapen 2017

**Spesifikasjon eigenkapital.**

| | | Grunnkapital | Anna eigenkapital | Sum |
|---|---|---|---|---|
| Eigenkapital 1.1. | | 100 000 | 20 724 153 | 20 824 153 |
| Fusjon Stiftinga S.og Fj. Kunstmuseum | | 110 000 | -110 000 | 0 |
| Kapitalisering Eigenkapitalinnskot KLP | 01.01.2017 | | 1 236 419 | 1 236 419 |
| Kapitalisering Pensjonsforpliktelsar | 01.01.2017 | | -17 901 016 | -17 901 016 |
| Årets resultat | | | 5 115 797 | 5 115 797 |
| **Eigenkapital 31.12.** | | **210 000** | **9 065 353** | **9 275 353** |

**Note 4 – Driftsinntekter**

| | 2017 | 2016 |
|---|---|---|
| Omsetnad varer | 4 437 122 | 3 916 634 |
| Tilskot frå Kulturdepartementet | 34 900 000 | 34 300 000 |
| Tilskot frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune | 14 385 000 | 15 589 000 |
| Tilskot frå kommunar | 6 785 195 | 5 347 482 |
| Gåveforsterkning KUD | | 100 000 |
| inntekter prosjekt | 2 337 518 | 6 895 768 |
| Andre driftsinntekter | 1 784 990 | 479 064 |
| **Sum inntekt** | **64 629 825** | **66 627 948** |

Stiftinga sin omsetnad skjer i all hovudsak i Noreg.

## Note 5 – Bundne bankinnskot

Av innestående i bank er kr. 1.017.227 bundne skattetrekksmidlar.

# Notar til rekneskapen 2017

**Note 6 – Prosjekt i arbeid**

Stiftinga mottek årleg tilskot. Midlar gjevne til bestemte prosjekt vert avsett i balansen og resultatførast når dei vert brukt.
Eventuelle overskot/underskot på prosjekta vert belasta drifta og vert ikkje vist i nota.

| | Prosjekt nr | Avdeling | Saldo 01.01 | Mottatt | Brukt | Saldo 31.12 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Foto Jølster | Kto.2985 | Felles | 250 282 | | 250 282 | - |
| Felles sikringsplan Musea i S. og Fj. | 1050 | Felles | | 550 000 | 279 125 | 270 875 |
| Båtmagasin felles | 1315 | Felles | 2 359 688 | 0 | | 2 359 688 |
| Holvikjektas verneverdi | 2017 | NFM | 81 497 | 49 633 | 131 130 | - |
| Vamråk | 3021 | KSF | 40 077 | | | 40 077 |
| Lisetbua | 3022 | KSF | 17 723 | | | 17 723 |
| Holvik skule | 3043 | KSF | 20 000 | | | 20 000 |
| Høgskulelauget | 3046 | KSF | 140 886 | | | 140 886 |
| Kystøkologisk avd. | 3048 | KSF | 21 982 | | | 21 982 |
| Veg Brendøya | 3300 | KSF | 9 970 | 345 000 | 139 992 | 214 978 |
| NVE midlar | 3450 | KSF | 10 000 | | | 10 000 |
| Vågsberget hovedhus | 3465 | KSF | 43 006 | | | 43 006 |
| Haugefisk 2016 | 3468 | KSF | 93 636 | | | 93 636 |
| Haugefisk 2017 | 3469 | KSF | | 270 000 | 253 774 | 16 226 |
| Driftstilskot stat | 4054 | SUM | 100 000 | | 100 000 | - |
| Tekstilkonservering | 4055 | SUM | 27 265 | | | 27 265 |
| Mostien | 4057 | SUM | 59 517 | 5 000 | | 64 517 |
| Gåver kto 2987 | | SUM | 5 000 | -5 000 | | - |
| Turskilt SUM | 4059 | SUM | 3 585 | | | 3 585 |
| Elvhaug | 5917 | DHS-Sogn | 224 138 | 85 327 | 50 467 | 258 998 |
| Video båtbygging | 5920 | DHS-Sogn | 46 925 | | | 46 925 |
| Fjordmuseum | 5927 | DHS-Sogn | 45 643 | 29 982 | | 75 625 |
| Kulturlandskap museum | 5928 | DHS-Sogn | 118 528 | | 1 273 | 117 255 |
| Naturfag glede/nytte | 5933 | DHS-Sogn | 21 291 | -21 291 | | - |
| Tidsakse | 5936 | DHS-Sogn | 8 692 | -8 692 | | - |
| Slusken fortel | 5937 | DHS-Sogn | 174 240 | | | 174 240 |
| Digital reiselivshistorie | 5940 | DHS-Sogn | 130 180 | | 130 180 | - |
| NRM uførutsette kostnader | 5943 | DHS-Sogn | 415 713 | 21 000 | 10 080 | 426 633 |
| Pilotprosjekt Kunst | 6064 | SFKM | 447 757 | 175 000 | 251 000 | 371 757 |
| Formidlingsprosjekt | 7017 | NKS | 636 653 | | 309 272 | 327 381 |
| Kystarvprosjektet | 7018 | NKS | -1 753 | | | -1 753 |
| Kalkbrenning NSF | 7019 | NKS | | 130 000 | 130 000 | - |
| Kartvektøy kvernsteinsbrudd | 7020 | NKS | | 170 000 | 170 000 | - |
| Geopark | 7021 | NKS | | 100 000 | 100 000 | - |
| Trollsti | 7022 | NKS | | 20 000 | 20 000 | - |
| Trollstiprosjekt | Konto 2987 | NKS | 10 000 | -10 000 | | - |
| Utsiktsrydding Parken | 7023 | NKS | | 132 700 | 10 944 | 121 756 |
| **Sum totalt** | | | **5 562 121** | **2 038 659** | **2 337 519** | **5 263 261** |

# Notar til rekneskapen 2017

**Note 7 – Lån til Kvikne's Hotel AS**

Stiftinga har ytt lån til Kvikne's Hotel AS den 14.2.2008 på kr 1.750.000
Lånet skal nedbetalast over 15 år og med ein rentesats på 3% p.a.
Det er ikkje stilt sikkerheit for lånet.
Restsaldo pr 31.12.2017 er kr 583.330,-.

**Note 8 Andre driftskostnader**

| | 2017 | 2016 |
|---|---|---|
| Fraktkostnader | 32 375 | 70 646 |
| Kostnader lokale | 9 688 363 | 9 152 135 |
| Leige av driftsmidlar | 586 874 | 517 303 |
| Inventar, utstyr etc. | 4 722 105 | 6 888 978 |
| Rep./vedl.hold | 2 849 625 | 6 092 753 |
| Revisjon, rekneskap, konsulent | 1 811 772 | 1 402 196 |
| Kontorkostnader/telefon/porto | 837 529 | 821 840 |
| Bilkostnader | 107 028 | 82 064 |
| Reisekostnader | 983 765 | 946 592 |
| Marknadsføringingskostnader | 964 152 | 1 004 015 |
| Annan driftskostnad | 879 398 | 781 779 |
| **Sum kostnader** | **23 462 986** | **27 760 301** |

**Note 9 Anna kortsiktig gjeld**

| | 2017 | 2016 |
|---|---|---|
| Forskot frå kundar | 88 647 | |
| Skuldig andre trekk | 12 532 | 6 467 |
| Påløpne feriepengar | 2 818 824 | 2 767 360 |
| Andre påløpte kostnader | 1 623 158 | 1 516 820 |
| Skuldig BHK avgift | 63 213 | 59 845 |
| Skuldig kunst i kommisjon | 21 123 | 13 394 |
| Gåvekort/kasse | 6 582 | 2 052 |
| Viderfakt. kostnader prosjekt | 90 000 | |
| **Sum** | **4 724 079** | **4 365 938** |

# Notar til rekneskapen 2017

**Note 10 Kundefordringar/Andre fordringer**

Selskapet sine kundefordringar er vurdert til pålydande, redusert med avsetning for tap på krav med kr 150.000.
Tilsvaranda avsetning i fjor var kr 150.000. Av kundefordringane er det ingen som forfell seinare enn eit år.

**Andre fordringar**

| | 2017 | 2016 | |
|---|---|---|---|
| Tilskot uteståande kommunar | 100 000 | 154 500 | |
| Tilskot frå Stiftelsen Uni | 720 000 | | |
| Fordring S. og Fj. Fylkeskommune | 25 000 | | |
| Tilskot Fylkesmannen i S.og Fj. | 132 700 | | |
| Forskot leverandører | 266 501 | | |
| Tilgode meirverdiavgift | 916 476 | 870 525 | |
| Forskotsbetalte kostnader | 1 475 550 | 1 727 360 | |
| Tilskot S. og Fj. Fylkeskommunen - Gjenståande betongprosjekt | 500 000 | 4 500 000 | 1 år |
| **Sum andre fordringar** | **4 136 227** | **7 252 385** | |

Av desse fordringane er kr 1 025 000 over 1 år.

## Note 11 Pensjonsforsikringar

Stiftinga har pensjonsordningar som omfattar i alt 55 personar. Pensjonsordninga er organisert gjennom ein kollektiv pensjonsforsikring. Ordninga gjer rett til ein definert framtidig yting. Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytinga frå folketrygda. Forpliktingane er dekka gjennom Kommunal Landspensjonskasse.

| | 2017 | 2016 |
|---|---|---|
| Tal personer som er med i ordninga | 55 | 49 |
| Årets kostnadsførte premie til pensjonsordninga | 4 066 177 | 3 867 695 |
| Pensjonstrekk tilsette | -486 400 | -504 390 |
| Endring i pensjonsforpliktingar | -818 774 | |
| Sum pensjonskostnad | 2 761 003 | 3 363 305 |

# Notar til rekneskapen 2017

Vidare har stiftinga gjennom ordningen i KLP opparbeidd eit premiefond:

| | | |
|---|---|---|
| Saldo 01.01 | 1 416 910 | 1 142 600 |
| Avrekna/Innbetalt i året | 32 208 | 61 373 |
| Avkastning i året | 442 215 | 212 605 |
| Overf. fra gamal avtale | | 332 |
| Brukt av fondet gjennom året | | |
| **Saldo 31.12** | **1 891 333** | **1 416 910** |

| | |
|---|---|
| **Pensjonskostnader inkl. AGA** | |
| Nåverdi av årets opptjening | 3 305 320 |
| Rentekostnad | 1 719 146 |
| Brutto pensjonskostnad | 5 024 466 |
| Forventa avkastning | -1 768 095 |
| Administrasjonskostnad/Rentegaranti | 213 190 |
| Netto pensjonskostnad inkl. adm.kost | 3 469 561 |
| Aga netto pensjonskostnad inkl. adm.kost | 489 208 |
| Resultatført aktuarielt tap (gevinst) | |
| Resultatført planendring | |
| Resultatført andel aktuarielt tap (gevinst) | |
| Resultatført andel av nettoforplikting v/avk. | |
| Ekstraordinære kostnader | |
| **Resultatført pensjonskostnad** | **3 958 769** |
| Herav resultatført aga av aktuarielt tap | |

| | |
|---|---|
| **Pensjonsforplikting** | |
| Brutto påløpt pensjonsforpliktelse | 71 162 785 |
| Pensjonsmidler | 55 250 686 |
| Netto forpliktelse før arb.avgift | 15 912 099 |
| Arbeidsglveravgift | 2 243 606 |
| Netto forpllktelse inkl. aga | 18 155 705 |
| Ikkje resultatført aktuarielt gevinst(tap) | -940 809 |
| Ikkje resultatført aktuarielt gevinst (tap) aga | -132 654 |
| Ikkje resultatført planendringar | |
| **Balanse ført nto forpliktingar/(midlar) etter** | **17 082 242** |
| Herav balanseført aga | 2 110 952 |

| | |
|---|---|
| **Egenkapitaltilskot** | |
| **Innbetalt EKT i 2016, kostnadsført tidl. år via pensjon.** | |
| **Motpost i år er annen egenkapital.** | |
| Andel av oppsamlet EKT. pr. 31.12.2016, jf oppg. frå pensj.selskap | 1 236 419 |
| Innbetalt i 2017 i flg. oppgave frå pensj.selskap | 150 629 |
| **EKT bokført 31.12** | **1 387 048** |
| Økning i EKT i 2017 | 150 629 |

# Notar til rekneskapen 2017

**Note 12 Leigeavtaler**

| Selskapet har følgande leigeavtalar: | Utleigar | Leigeperiode frå | til | Årleg leige |
|---|---|---|---|---|
| Leige lokaler: | | | | |
| Norsk Reiselivsmuseum | Statsbygg | 01.04.2015 | 31.03.2043 | 3 800 436 |
| Sogn og Fjordane Kunstmuseum | S.og Fj.fylke | 01.01.2013 | 31.12.2032 | 2 377 498 |
| Sogn Kunstsenter | Lærdal kommune | | | 234 355 |
| Astruptunet | Jølster kommune | | | 135 060 |
| Eikaasgalleriet | Jølster kommune | | | 135 060 |
| Anders Svor museum | Hornindal kommune | | | 76 500 |
| Løa | Krokane Gard | | | 67 385 |
| Andre tilfeldige leigekostnader | | | | 13 157 |
| **Sum** | | | | **6 839 451** |
| | | | | |
| Leige transportmidler: | | | | |
| Traktorar leasingleige | SG Finans | 01.01.2017 | 31.12.2017 | 79 333 |
| Bil leasingleige | DNB | 01.01.2017 | 31.12.2017 | 87 024 |
| Leige programvare IT | | 01.01.2017 | 31.12.2017 | 380 860 |
| Andre tilfeldige leigekostnader | | 01.01.2017 | 31.12.2017 | 39 657 |
| **Sum** | | | | **586 874** |

Leigeavtalane med Lærdal, Jølster og Hornindal kommuner er løpande med 22 mnd. gjensidig oppseiing.
Leigeavtalen med Krokane Gard - Løa - er utløpt. Det er teke initiativ for å fornye denne.

# 7. REVISJONSMELDING

Deloitte.

Deloitte AS
Hafstadvegen 25
NO-6800 Førde
Norway

Tel.: +47 57 72 13 80
www.deloitte.no

Til styret i Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

## Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

*Konklusjon*

Vi har revidert Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 5 115 797. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2017, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er den vedlagde årsrekneskapen avlagd i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av stiftelsen sin finansielle stilling per 31. desember 2017, og av resultata og kontantstraumar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

*Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftelsen slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

*Anna informasjon*

Leiinga er ansvarleg for anna informasjon. Anna informasjon består av årsmeldinga, men omfattar ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekker ikkje anna informasjon, og vi attesterer ikkje anna informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese anna informasjon med det formål å vurdere om det føreligg vesentleg inkonsistens mellom anna informasjon og årsrekneskapen, kunnskap vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi hadde konkludert med at anna informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

*Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, samt at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med regnskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som dei finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftelsen si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

© Deloitte AS

Registrert i Foretaksregisteret
Medlemmer av Den norske Revisorforening
Organisasjonsnummer: 980 211 282

# Revisjonsmelding

**Deloitte.**

side 2

*Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftelsen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte er føremålstenlege og om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga er rimelege.
- konkluderer vi på om leiinga sin bruk av framhald av drift-føresetnaden i årsrekneskapen er formålstenleg, basert på innhenta revisjonsbevis, og om det føreligg vesentleg usikkerheit knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om stiftelsen si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at stiftelsen ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen gjev uttrykk for dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka gjennom revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betyding i den interne kontrollen.

**Fråsegn om andre lovmessige krav**

*Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og forslaget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftelsen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

# Revisjonsmelding

Deloitte.

side 3

*Konklusjon om forvaltning*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi stiftelsen er forvalta i samsvar med lov, stiftelsen sitt føremål og vedtektene elles.

Førde 27. februar 2018
Deloitte AS

Hans Jørgen Kirkeeide
statsautorisert revisor

# 8. BUDSJETT FOR 2018

| | **Budsjett 2018** | (Rekneskap 2017) |
|---|---|---|
| Salsinntekt | 4 696 104 | 4 437 122 |
| Driftstilskot | 58 345 548 | 56 070 195 |
| Annan driftsinntekt, prosjekt m.m. | 989 301 | 4 122 508 |
| Sum driftsinntekter | 64 030 953 | 64 629 825 |
| | | |
| Varekostnader | 1 378 543 | 2 019 964 |
| Lønskostnader | 36 182 206 | 33 958 950 |
| Avskriving | 379 872 | 341 690 |
| Andre driftskostnader | 25 281 231 | 23 462 986 |
| Sum driftskostnader | 63 221 853 | 59 783 590 |
| Driftsresultat | 809 100 | 4 846 235 |
| | | |
| Annan renteinntekt | 200 000 | 282 150 |
| Annan finansinntekt | 0 | 42 055 |
| Sum finansinntekter | 199 999 | 324 205 |
| | | |
| Annan rentekostnad | -4 192 | -7 715 |
| Annan finanskostnad | 0 | -46 928 |
| Sum finanskostnader | -4 193 | -54 643 |
| Netto finans | 195 807 | 269 562 |
| Ordinært resultat | 1 004 908 | 5 115 797 |
| Årsresultat | 1 004 908 | 5 115 797 |





MUSEA I SOGN OG FJORDANE

**STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE**
Organisasjonsnummer: 994 179 136

Adresse: Gota 16, 6823 Sandane
Nettstad: www.misf.no
E-post: post@misf.museum.no

Innsida av «Byløa» til Maia Birkeland. Foto: Maia Birkeland.